



## MELDING OM VEDTAK

frå  
møte i kommunestyret 21.6.2012

|                    |                      |                        |                                 |                   |
|--------------------|----------------------|------------------------|---------------------------------|-------------------|
| Saksnr<br>2008/354 | Løpenr.<br>6385/2012 | Klassering<br>20110003 | Avd / sakshandsamar<br>PUA/ SKR | Dato<br>26.6.2012 |
|--------------------|----------------------|------------------------|---------------------------------|-------------------|

### **PS 75/12 Framlegg til kommuneplan - Arealdel 2012-2024 - slutthandsaming/eigengodkjenning**

#### **Kommunestyret si handsaming:**

**Hallgeir Teigene, FL kom med følgjande forslag 1:**

*Hareid kommunestyre vedtar at Rune Holstad sin eigedom 57/3, vert i si heilheit å behandle som landbruksområde, i tråd med grunneigar sitt ynskje.*

**Hallgeir Teigene, FL kom med følgjande forslag 2:**

*Hareid kommunestyre vedtar at grensa mellom LNF området og byggefelt på Holstad, går mellom eigedommane 46/22 og 46/4*

Pause i saka

Einar Warholm kom til i møtet etter pausa

21 voterande

#### **Røysting:**

Tilråding frå formannskapet samrøystes vedteke

Hallgeir Teigene sitt forslag 1 – vedteke med 16 mot 5 røyster

Hallgeir Teigene sitt forslag 2 – vedteke med 11 mot 10 røyster

#### **Vedtak:**

**1. Hareid kommunestyre sluttar seg til vedlagde kommentarar og tilrådingar i høve innkomne merknader og motsegner til planforslaget ved 1. gongs offentlig ettersyn, og til resultatet frå meklingsmøtet hos Fylkesmannen den 5. juni 2012, og godkjenner forslag til Kommuneplan -Arealdel - 2012- 2024 slik den ligg føre, vist på plankart datert 10.01.2012, sist revidert 11.06.2012, m/tilhøyrande føresegner, planomtale og vedlegg, men med følgjande endring:**

- a. **Hareid kommunestyre vedtar at Rune Holstad sin eigedom 57/3, vert i si heilheit å behandle som landbruksområde, i tråd med grunneigar sitt ynskje.**



- b. Hareid kommunestyre vedtar at grensa mellom LNF området og byggefelt på Holstad, går mellom eigedommane 46/22 og 46/4.

2. Vedtaket under punkt 1 er gjort i medhald av Plan- og bygningslova § 11-15, og gjev rettsverknad til planen.

Hareid, 26.06.2012

Rett utskrift:

Anne-Karete Mork  
Utvalsekretær

*Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering*



## SAKSFRAMLEGG

|                  |  |                     |
|------------------|--|---------------------|
| Saksnr. 2008/354 | Løpenr. 5629/2012                                    | Klassering 20110003 |
| Sakshandsamar:   | Signe Rønnestad Kanstad, Plan- og utviklingsavdeling |                     |

| Utvalsaksnr | Utval         | Møtedato   |
|-------------|---------------|------------|
| 128/12      | Formannskapet | 14.06.2012 |
| 75/12       | Kommunestyret | 21.06.2012 |

### FRAMLEGG TIL KOMMUNEPLAN - AREALDEL 2012-2024 – SLUTTHANDSAMING/EIGENGODKJENNING

/ 2008/354

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Hareid kommunestyre sluttar seg til vedlagde kommentarar og tilrådingar i høve innkomne merknader og motsegner til planforslaget ved 1. gongs offentleg ettersyn, og til resultatet frå meklingsmøtet hos Fylkesmannen den 5. juni 2012, og godkjenner forslag til Kommuneplan - Arealdel - 2012-2024 slik den ligg føre, vist på plankart datert 10.01.2012, sist revidert 11.06.2012, m/tilhøyrande føresegner, planomtale og vedlegg.
2. Vedtaket under punkt 1 er gjort i medhald av Plan- og bygningslova § 11-15, og gjev rettsverknad til planen.

*Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering*

## Vedlegg:

| Nr. | Namn   |  |
|-----|--|--|
| 1   | Kommuneplan- Arealdel 2012-2024, plankart datert 10.01.2012, sist revidert 11.06.2012 m/tilhøyrande føresegner, planomtale og vedlegg. |  |
| 2   | Referat frå meklingsmøte hos Fylkesmannen den 05.06.2012   |  |
| 3   | Utskrift sak FSK PS93/12 i møte den 25.05.2012   |  |
| 4   | Samandrag og kommentarar til innkomne merknader ved 1. gongs off. ettersyn   |  |
| 5   | Oversyn/innkomne merknader ved 1.gongs off. ettersyn   |  |
|     |  |  |
|     |  |  |

### Uprenta saksvedlegg:

- Godkjent planprogram for kommuneplanrulleringa, sak KST PS 30/09 i møte 25.06.2009.
- Sak FSK PS 22/12 den 02.02.2012 – Vedtak om utlegging av forslag til kommuneplan – Arealdel 2012-2024 til 1. gongs off. ettersyn

### Samandrag/saksopplysningar:

Vedtak om oppstart av arbeidet med rullering av arealdelen i kommuneplanen vart gjort av formannskapet i møte 20.11.08, sak PS 168/08. I samsvar med Forskrift om konsekvensutgreiing, fastsett ved Kgl.res. av 1.04.2005 vart det her bestemt at det skulle utarbeidast planprogram for planarbeidet og at dette skulle ta utgangspunkt i gjeldande kommuneplan godkjent av kommunestyret 27.04.2006. Jf. også regelverket i plandelen til ny Plan- og bygningslov, iverksett frå 01.07.2009.

Planprogram samt aktivitets- og framdriftsplan for planrulleringa vart godkjent av kommunestyret i møtet 25.06.2009, sak PS 30/09, og planarbeid starta opp på dette grunnlag. Oppstart av planarbeidet vart varsla i samsvar med lova sine krav med kunngjeringar i lokalavisa og omtale i pressa. Aktuelle mynde, velforeiningar, lag- og organisasjonar og private har vore varsla med eige skriv og inviterte til innspel. Det har òg vore gjennomført oppstartsmøte/ "folkemøte" i kvar krins der planprogram og utfordringar vart presentert og drøfta for innspel.

Ei tverrfagleg administrativ plangruppe samansett av rådmann, områdeleiarar og planleggjar har hatt funksjon som prosjektgruppe med planleggjar som prosjektleiar. Landbrukskontoret v/landbrukssjefen har undervegs vore trekt aktivt med m.a. ved vurdering av ymse innspel i høve arealbruken og deltaking i synfaringar og møter. Undervegs i planarbeidet vart oppretta to temagrupper/arbeidsgrupper: "Tettstad-gruppe" som spesielt skulle vurdere sentrumsareala, og "Turisme-gruppe" som skulle vurdere arealbehov relatert til temaet turisme. Innspel frå desse er handsama og ligg føre i vedlegg til planomtalen. Det same gjeld øvrige innspel til planarbeidet frå overordna mynde, lag- og organisasjonar og private interessentar. Tilrådde innspel vart innarbeidd i plankartet og nærare forklart i planomtalen. Endringar i arealbruken i forhold til gjeldande plan er elles omtala og konsekvensvurderte i høve omsyn til natur,- miljø og samfunn, vedlegg 2 til planomtalen. I samband med kommuneplanrulleringa er òg gjennomført ei overordna Risiko- og sårbarheitsanalyse som følgjer som vedlegg 3 til planomtalen. Samla oversikt over innspela til kommuneplanrulleringa følgjer som vedlegg 4 til planomtalen.

Undervegs i prosessen har forslag til arealmessige endringar etter innspela vore framlagt og drøfta i formannskapet ved fleire høve. Føreslegne endringar vart elles lagt fram for fylket sitt Planforum den 13.04.2011 og tilbakemeldingar vurdert i det vidare arbeid.

Planprosjekt som er gjennomført ved planrulleringa og som inngår i arealdelen:

#### Overordna vegnett

I samband med planarbeidet er gjennomført eit prosjekt for fastlegging av overordna vegnett i kommuneplanen, herunder lokalisering av trasé for framtidig ny FV61 på sørsida av Hareidsdalen med alternative tunnelpåhogg for fastlandssamband mot Sula og Ålesund (Hafast). Planleggingsfirmaet Nordplan AS har vore engasjert som utførande konsulent i dette arbeidet i nært samarbeid med representantar frå planutval og administrasjon i kommunen og repr. frå Statens Vegvesen. Dette prosjektet vart starta opp ved årsskiftet 2009/2010 og vart avslutta i februar 2011. Prosjektet munna ut i ein plan for overordna vegnett i kommunen med 2 alternative traséar for framtidig ny FV61, sambindingsvegar og planløyning for eit gang- og sykkelvegnett i kommunen. Planløyningane er innarbeidd på kommuneplankartet. I prosjektet vart òg vurdert overordna vegnett for to bustadområde i kommuneplanen; Bigset vest og Hjørungavåg, ved skulen. Planløyningane er innarbeidd på kommuneplankartet. Prosjektet "Overordna vegnett" er nærare omtalt i planomtalen under pkt. 4. For dei to nemnde bustadområda er òg vurdert løysingar for handtering av overflatevatn samt gjennomført støysonevurdering i høve trafikkstøy frå tilgrensande hovudvegar. Støyvurderinga er utført av Kilde Akustikk AS. Det vert vist til prosjektrapportar frå Nordplan AS og støysonerapport for dei to bustadområda frå Kilde Akustikk AS (Vedlegg 5 og 6 til planomtalen).

#### Vurdering av flodbølgjer etter skred frå Åknes

For å kunne fastlegge ei faresonegrense for kystområde i Hareid som kan bli berørt av flodbølgjer etter mogleg fjellskred på Åknes, Jf. rapportar frå Åknes/Tafjordprosjektet, vart NGI engasjert i å vurdere oppskyllingshøgder ved mogleg skred frå Åknes for tre aktuelle område: Hareid sentrum, Brandal og Hjørungavåg. I samråd med beredskapsavdelinga i fylket vart 2 moglege scenarie lagt til grunn for berekninga; Skredvolum 54 mill m<sup>3</sup> for evakueringsplanar, og 18 mill m<sup>3</sup> for dimensjonering, samt estimert havnivåstigning (*hundreårspektiv*). Arbeidet vart utført hausten 2010 og resultatet frå undersøkinga presentert i Rapport frå NGI, datert 8. februar 2011 (Vedlegg 7). På kommuneplankartet er oppskyllingshøgder innarbeidd i samsvar med NGI sine berekingar etter eit skred-scenarie på 18 mill m<sup>3</sup> fjellskred frå Åknes. Oppskyllingshøgder (faresonegrenser) for dei utsette områda i Hareid si kystlinje er vist med hensynssone flomfare (H320).

Samla forslag til kommuneplan - arealdel 2012-2024, med plankart datert 10.01.2012 og tilhøyrande planomtale, føresegner, rapportar og vedlegg vart framlagt for formannskapet i møte den 02.02.2012, sak PS 22/12, der det vart vedteke å leggje planforslaget ut til 1. gongs off. ettersyn i samsvar med pbl § 11-14. Høyringsfristen vart sett til 8 veker.

Etter kunngjering i Vikebladet og på kommunen si heimeside, har planforslaget vore utlagt til off. ettersyn på Hareid rådhus, servicekontoret og på Hareid folkebibliotek. Offentlege mynde, aktuelle grunneigarar, lag og organisasjonar, næringsliv o.a., vart varsla i eige skriv. Fylkesmannen og Fylkeskommunen v/kulturavdelinga vart gjeve utvida høyringsfrist etter førespurnad.

Innan gjevne høyringsfristar er motteke merknader til planforslaget frå off. mynde, grunneigarar som har hatt innspel, og frå lag- og organisasjonar.

I tillegg til generelle merknader til planforslaget hadde Fylkesmannen i Møre og Romsdal motsegn til følgjande område i planforslaget:

- *Bustadområda B3 Melshornlia og B6 Bigset vest i høve landbruksinteressene*
- *LNF B-område for Liadal- Hjørungdal, Brandal og Høvdén i høve landbruksinteressene*
- *Motsegn i høve nauststorleik i planføresegnene § 3.2.6 punkt c) og e).*
- *Motsegn mot FT2 Haukhamna (rorbuer) sør om Hjørungneset*

Møre og Romsdal fylkeskommune v/kulturavdelinga hadde motsegn i høve manglar i plankart og føresegner.

Samandrag av innkomne merknadene med administrasjonen sine kommentarar/tilrådingar er skildra i vedlegg 4. Samla oversikt over merknader følgjer i vedlegg 5

Som det vil framgå av vedlegg 4, har administrasjonen handsama dei innkomne merknadene og gjeve si tilråding. Motsegnene frå Fylkesmannen er tilrådd imøtekomne for det som gjeld som gjeld B6 Bigset Vest, LNF B- område Liadal-Hjørungdal, LNF B -område Hovden og utviding av LNF B-området på Brandal (mellom Indredalsvegen og elva), samt imøtekomne motsegna mot FT2 Haukhamna og det som galt planføresegnene § 3.2.6 pkt c) og e). Derimot rådde ein til å halde fast på bustadområdet B3 Melshornlia og tinge mekling hos Fylkesmannen på dette punkt.

Når det galt motsegna frå Møre og Romsdal fylkeskommune vart i dialog med kulturavdelinga (arkeolog Øyunn Kleiva) klart at dei påpeika manglane i plankart og føresegner var løysbare. Men for å vere på den sikre side tilrådde administrasjonen også at motsegna frå fylkeskommunen vart sett opp som meklingstema.

Administrasjonen si handsaming av innkomne merknader og motsegner til planforslaget vart framlagt for formannskapet i møte den 25.05.2012, sak PS 93/12 med tilråding om å tinge mekling på dei to nemnde punkta. Formannskapet slutta seg til tilrådinga men utvida meklingspunkta til også å omfatte FT2 Haukhamna. Formannskapet sitt vedtak sak PS 93/12 har slik ordlyd:

- 1. «Formannskapet viser til vedlagde samandrag av innkomne merknader ved 1. gongs off. ettersyn til kommuneplanen sin arealdel 2012-2024 og saksutgreiinga nedanfor.**
- 2. Formannskapet bed administrasjonen tinge mekling hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal for følgjande område/saksfelt i planen der det er reist motsegn frå overordna mynde:**
  - Bustadområde B3: Melshornlia – motsegn frå Fylkesmannen i høve landbruk.**
  - Motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune v/kulturavdelinga i høve manglar i plankart og føresegner Jf brev av 08.05.2012.**
  - Rorbuer i FT2 Haukhamna.»**

Vi viser til utskrift av møteprotokoll for ovannemnde møte i formannskapet og tilhøyrande saksutgreiing, Vedlegg 3. Som det framgår her er dei øvrige motsegnspunkta frå Fylkesmannen knytt til bustadområdet B6 Bigset vest, LNF B-område for Liadal-Hjørungdal, Brandal og Hovden samt motsegna knytt til nauststorleik i føresegnene (3.2.6 Fritidsbygg Naust), teke til følgje.

På dette grunnlag vart innsendt tinging av mekling hos Fylkesmannen. Fylkesmannen gav tilbakemelding i brev av 31.05.2012 med innkalling til meklingsmøte den 5. juni 2012, avgrensa til følgjande tema:

- Bustadområde B3 – Melshornlia; landbruksinteresser
- Område for fritids- og turistføremål – Haukhamna; landskap og strandsoneinteresser

I høve motsegna frå Møre og Romsdal fylkeskommune opplyser fylkesmannen at etter nærare kontakt med plansamordnar vil spørsmål knytt til punkt 2 (*kulepunkt 2*) kunne løysast utan å gå vegen om mekling.

Administrasjonen kan på dette punkt vise til sist mottokne e-postmelding frå fagansvarleg arkeolog Øyunn Kleiva der følgjande er opplyst:

*«Eg har sett på føresegnene de sende over på mail i dag. Vedlagt denne med ei lita foreslått justering. Denne skal vere ok nok for at motsegn knytt til føresegner - og ivaretaking av kjende automatisk freda kulturminne, avklaringskrav for kml § 9 for event ikkje kjende, samt*

oversendingskrav er oppfylt. Bruk av denne vil medføre at fråsegn er å rekne som trekt angående føresegn/retningslinjer..

Ein står då att med

1) Teknisk motsegn til kart som snart er på plass og der det viser seg å vere eit lite mål som manglar frå vår side. Vi vil her få teke denne straks og oversende. Når vi får det samla kartet oversendt og finn dette tilfredstillande vil motsegn trekkast.

2) Krav til KU angående gjennomgang av eldre bygg. Vi meiner det ligg til ein KU å avklare kva alder og verdi eldre bygg har i nye utbyggingsområde. Vi har forståing for manglande tid og at dei fleste av dei aktuelle areala er del av den gamle kommuneplan. Vi trekker difor motsegn på dette området, men minner om at dette må vere del av KU ved neste rullering.

I fråver av plansamordnar og konst. fylkeskonservator er avgjerd i denne saka teke i samråd med arkeolog Bjørn Ringstad som normalt fungerer som fylkeskonservator. Mailen vert innregistrert som utgåande journalpost i sak MR 12/2548.»

Planføresegner og plankart er justert og samordna med kulturavdelinga sine krav/ynskje.

Tysdag den 5. juni kl.0930 vart halde meklingsmøte hos Fylkesmanne i Møre og Romsdal. Frå kommunen deltok varaordførar Dag Audun Eliassen, seniorrådgjevar Arne Gunnar Aschehoug (stadfortredar for rådmann) og leiar for plan- og utviklingsavdelinga Signe Rønnestad Kanstad. På møtet vart motsegna mot bustadområdet B3: Melshornlia trekt, medan motsegna mot FT2: Haukhamna (Område for fritids- og turistføremål) vart oppretthalden frå fylkesmanne si side med tilvising til landskaps- og strandsoneinteresser. Referat frå meklingsmøtet følgjer saka som vedlegg 2.

#### Vurdering og konklusjon:

Etter gjennomført mekling, står ein att med motsegn mot FT2-område Haukhamna før kommuneplanen kan fremjast til eigengodkjenning. Administrasjonen rår til at ein tek motsegna til følgje og at reguleringsområdet i Haukhamna vert vist som naustområde slik gjeldande kommuneplan viser. Gjeldande reguleringsplan for Hjørungneset naustområde, PlanId. 19850001 skal såleis framleis gjelde og takast med i oppstillinga i planomtalen pkt 9.2: «Gjeldande reguleringsplanar der det ikkje er avvik mellom arealføremåla i kommuneplanen og reguleringsplanen.» Plankartet er justert i samsvar med dette.

I etterkant, pr e-post i dag frå arkeolog Øyunn Kleiva er vi gjort merksame på at ved innlegging av fornminna på Oвра på kommuneplankartet kjem det fram at gangvegen ligg i konflikt med fornminna, og at dette er i strid med lova og lyt endrast før planen kan godkjennast. Administrasjonen tek opplysninga til følgje og rår til at den skisserte gang/sykkelvegen som ligg i konflikt med fornminna blir tatt ut av kommuneplanen på den aktuelle strekninga, og at ny avklaring for tilkopling av g/s-veg på denne strekning vert å vurdere i samband med igangverande regulering av Ovrásanden friluftsområde.

Administrasjonen rår kommunestyret til å slutte seg til vedlagde kommentarar og tilrådingar i høve innkomne merknader og motsegner til forslag til kommuneplan - arealdel 2012-2024 slik den ligg føre, vist på plankart datert 10.01.2012, sist revidert 11.01.2012, m/tilhøyrande føresegner, planomtale og vedlegg. Rådmannen legg saka fram for kommunestyret med tilråding i samsvar med dette.

Miljøkonsekvensar: Er vurdert i plan

Økonomiske konsekvensar: Investeringar må avklarast gjennom handlingsprogram/økonomiplan. Sjølkostprinsippet skal leggast til grunn der kommunen skal stå som utbyggjar.

Beredskapsmessige konsekvensar: Er vurdert i plan

Hareid, 11.06.2012

Bent Arild Grytten  
rådmann

Signe Rønnestad Kanstad  
leiar plan- og utviklingsavdelinga





Hareid kommune  
Rådhusplassen 5  
6060 Hareid

## Referat frå meklingsmøte med Hareid kommune om kommuneplanen - arealdelen

Vi viser til meklingsmøte her hos oss 5 juni.

Vedlagt følgjer endeleg referat frå møtet.

Med helsing


Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Jon Ivar Eikeland  
seksjonssjef

**Kopi:** Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



|   |  |
|---|--|
|  <p>FYLKESMANNEN I<br/>MØRE OG ROMSDAL</p> | <h2>Referat etter meklingsmøte</h2>  |
| <b>Plansak - Partar</b>   | <b>Hareid kommune – Kommuneplanen-arealdelen 2012-2024(FMMR sak 2012/1555)</b>   |
| <b>Tid og stad</b>  | <b>Fylkeshuset Molde 05.05.2012 kl. 09:30</b>  |
| <b>Til stades</b>   | <p><u>Frå Hareid kommune:</u><br/> Dag Audun Eliassen; varaordfører<br/> Arne Gunnar Aschehoug; seniorrådgjevar/stadfortredar for rådmann<br/> Signe Rønnestad Kanstad; leiar plan- og utviklingsavdelinga</p> <p><u>Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:</u><br/> Lodve Solholm; fylkesmann<br/> Rigmor Brøste<br/> Jon Ivar Eikeland; fung. samordnar/seksjonssjef<br/> Harald Nymoen, seksjonssjef</p> |
| <b>Møteleiar</b>  | Fylkesmann Lodve Solholm   |
| <b>Blir også sendt</b>  | Møre og Romsdal fylkeskommune  |

### Bakgrunn:

Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal har reist motsegn til deler av planen i samband med offentlig ettersyn. Etter behandling i saka på møte i Hareid formannskap den 25.05.2012 vart det fatta slikt vedtak:

*Formannskapet bed administrasjonen tinge mekling hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal for følgjande område/ der det er reist motsegn frå overordna mynde:*

1. *Bustadområde B3: Melshornlia – motsegn frå Fylkesmannen i høve landbruk (den delen av bustadfeltet som går utover gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar).*
2. *Motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune v/kulturavdelinga i høve manglar i plankart og føreseger, Jf brev av 08.05.2012.*
3. *Rorbuer i FT2 Haukhamna.*

Etter nærare kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune vil spørsmål knytt til pkt. 2 kunne løysast utan å gå vegen om mekling.

Tema for meklingsmøtet blir etter dette avgrensa til å gjelde motsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal knytt til arealbruk for

- Bustadområde B3 – Melshornlia; landbruksinteresser
- Område for fritids- og turistføremål – Haukhamna; landskap og strandsoneinteresser

Når det gjald motsegnene frå Fylkesmannen, tok Hareid kommune til følge motsegnene knytt til bustadområde B6 Bigset vest, LNF B område for Liadal-Hjørungdal , Brandal og Hovden og motsegna knytt til nauststorleik i føresegnene.

### **Drøftingane:**

Frå Hareid kommune si side vart det innleiingsvis peika på at dei hadde teke omsyn til mange motsegner som var fremja av Fylkesmannen.

Meklinga starta med punktet som gjald nytt bustadområde i Melshornlia(B3). Kommunen gjorde greie for situasjonen i Hareid sentrum når det gjald behov for nye bustadtomter. Folketalet i kommunen har auka frå om lag 4600 innbyggjarar i 2005 til om lag 5000 i dag og det er rekna ut at det er behov for 30-40 nye tomter pr. år i planperioden. For kommunen er det eit mål å satse på fortetting i sentrum for å gje korte avstandar til skule, barnehage, fritidstilbod m.v. Melshornlia er ferdig regulert og er ei utviding av eit sentrumsnært eksisterande bustadområde. Det er svært viktig for kommunen å komme i gang med utbygging her, då det ikkje er ledige tomter i sentrum i dag. Dersom kommunen skal ta omsyn til motsegna må området regulerast på ein annan måte. Dette vil medføre dårlegare infrastruktur og større ulemper i form av støy frå biltrafikk for dei som bur der i dag. I forslag til reguleringsplan for Melshornlia har kommunen lagt inn ei buffersone som friområde mot plangrensa mot nordvest i planområdet, og som er ein del av det fulldyrka arealet motsegna gjeld. Dette arealet kan difor ligge urøyrd også i framtida.

Hareid kommune gjorde greie for deira syn på FT 2 i Haukhamna. Det forrige kommunestyret hadde gjort vedtak om at det skulle opnast for utbygging til fritids/turistføremål i Haukhamna ved rullering av kommuneplanen. Formannskapet gjekk inn for at motsegna ikkje skulle takast til følge. Fylkesmannen viste til at FT 2 utgjer om lag 200 meter strandline og at konsekvensutgreinga som kommunen har utarbeida viser at Haukhamna ligg naturskjønt til og er attraktiv for friluftsliv på sjø og land. Utover dette manglar det ei løysing for veg ned til område og parkering. Fylkesmannen meiner difor at saka ikkje er utgreia godt nok og at ei eventuell utbygging vil medføre for store negative konsekvensar knytt til strandsona.

### **Konklusjon:**

Meklinga gav følgjande resultat:

Motsegna frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som gjald bustadområde B3 Melshornlia blir trekt attende.

Fylkesmannen opprettheld motsegna for FT2 Haukhamna.

Hareid kommune må vurdere resultatet av meklinga, og på bakgrunn av dette gjere endeleg vedtak i saka.

Molde 07.06.2012

Jon Ivar Eikeland,  
Fung. samordnar

Sign



## MELDING OM VEDTAK

frå

møte Hareid formannskap 25.5.2012

|                    |                      |                        |                                 |                   |
|--------------------|----------------------|------------------------|---------------------------------|-------------------|
| Saksnr<br>2008/354 | Løpenr.<br>5255/2012 | Klassering<br>20110003 | Avd / sakshandsamar<br>PUA/ SKR | Dato<br>29.5.2012 |
|--------------------|----------------------|------------------------|---------------------------------|-------------------|

### **PS 93/12 Kommuneplan - arealdelen 2012-2024 -handsaming av merknader ved 1. gongs off. ettersyn**

#### **Formannskapet si handsaming:**

Kjersti R. Topphol, KRF fekk permisjon i saka.

6 voterande

**FRP ved Perny Ann Nilsen** kom med følgjande forslag til nytt kulepunkt under pkt 2:

- *Rorbuer i FT2 Haukhamna*

#### **Røysting:**

Det vart røysta punktvis

Pkt. 1 Samrøystes utan siste setninga

Pkt. 2 Samrøystes

Forslaget FRP ved Perny Ann Nilsen Samrøystes

#### **Vedtak:**

1. Formannskapet viser til vedlagde samandrag av innkomne merknader ved 1. gongs off. ettersyn til kommuneplanen sin arealdel 2012-2024 og saksutgreiinga nedanfor.
2. Formannskapet bed administrasjonen tinge mekling hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal for følgjande område/saksfelt i planen der det er reist motsegn frå overordna mynde:
  - Bustadområde B3: Melshornlia – motsegn frå Fylkesmannen i høve landbruk.
  - Motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune v/kulturavdelinga i høve manglar i plankart og føresegner Jf brev av 08.05.2012.
  - Rorbuer i FT2 Haukhamna

Hareid, 29.5.2012

Rett utskrift:

Reidun Auflem Vik  
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering



## SAKSFRAMLEGG

|                  |  |                     |
|------------------|--|---------------------|
| Saksnr. 2008/354 | Løpenr. 4844/2012                                    | Klassering 20110003 |
| Sakshandsamar:   | Signe Rønnestad Kanstad, Plan- og utviklingsavdeling |                     |

**Utvalsaksnr**    **Utval**  
**Formannskapet**

**Møtedato**  
**25.05.2012**

### **KOMMUNEPLAN - AREALDELEN 2012-2024 - HANDSAMING AV MERKNADER VED 1. GONGS OFF. ETTERSYN**

/ 2008/354

#### **Tilråding frå rådmannen:**

- 1. Formannskapet viser til vedlagde samandrag av innkomne merknader ved 1. gongs off. ettersyn til kommuneplanen sin arealdel 2012-2024 og saksutgreiinga nedanfor, og sluttar seg til administrasjonen sine kommentarar og tilrådingar slik dei ligg føre.**
- 2. Formannskapet bed administrasjonen tinge mekling hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal for følgjande område/saksfelt i planen der det er reist motsegn frå overordna mynde:**
  - Bustadområde B3: Melshornlia – motsegn frå Fylkesmannen i høve landbruk.**
  - Motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune v/kulturavdelinga i høve manglar i plankart og føresegnar Jf brev av 08.05.2012.**

*Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering*

Vedlegg:

| Nr. | Namn  |            |
|-----|---|------------|
| 1   | Kommuneplan - Arealdelen 2012-2024 - handsaming av merknader ved 1. gongs off. ettersyn | 22.05.2012 |
| 2   | Kommuneplan - Arealdelen 2012-2024 - handsaming av merknader ved 1. gongs off. ettersyn | 22.05.2012 |
|     |   |            |

Samandrag/saksopplysningar av saka:

Forslag til kommuneplan – arealdel 2012-2025 m/tilhøyrande planomtale, føresegner og vedlegg vart handsama av formannskapet i møte den 02.02.2012, sak PS 22/12, og vedteke utlagt til 1. gongs offentleg ettersyn i samsvar med pbl § 11-14. Etter kunngjering i Vikebladet og på kommunen si heimeside, har planforslaget vore utlagt til off. ettersyn å Hareid rådhus, servicekontoret, på Hareid folkebibliotek. Høyringsfristen var sett til 8 veker. Offentlege mynde, aktuelle grunneigarar, lag og organisasjonar, næringsliv o.a., vart varsla i eige skriv, med høve til merknad innan 25.04.2012. Fylkesmannen og Fylkeskommunen v/kulturavdelinga er gjeve utvida høyringsfrist etter førespurnad.

Innan gjevne høyringsfristar er motteke merknader til planforslaget frå off. mynde, grunneigarar som har hatt innspel, og frå lag- og organisasjonar. Samandrag av merknadene med administrasjonen sine kommentarar/tilrådingar er skildra i vedlegg 1. Samla oversikt over merknader følgjer i vedlegg 2.

**Motsegner:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 30.04.2012:

**Føresegner:**

Utfrå landbruksinteressene har Fylkesmannen motsegn til planføresegnene for **LNF- B- område «Liadal-Hjørungdal», LNF B-område «Hovden»** samt motsegn til **utviding av LNF- B området «Brandal»**.

Vedk. LNF-B Liadal- Hjørungdal:

Viser til omfang og antal bustader som det er opna for i dette området og meiner dette vil kunne føre til auka drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området og dempe investeringslyst i framtidig landbruk. LNF må definerast mykje tydelegare for å sikre landbruket sine interesser i området. Har **motsegn** til storleiken på området utlagt til LNF-B.

Vedk. LNF-B Hovden

Viser til at det allereie er frådelt 2 bustader i området at det er ledige bustadtomter i allereie etablert bustadområde i sør og har **motsegn** til at LNF-B Hovden vert lagt ut til spreidd bustadbygging.

Vedk. LNF-B Brandal

Viser til at det allereie er frådelt mange nye bustader spreidd i dalen og at det nesten berre er bratt dyrkajord att. Har **motsegn** til å utvide LNF B her, og viser til at det ned mot sjøen er avsett areal til bustadføre mål.

Fylkesmannen har også motsegn til planføresegnene for det som gjeld

Naust: 3.2.6, punkt c) og e).

Fylkesmannen meiner at føresegnene i utgangspunktet er gode, men at ei generell opning for naust på 50 m2 er uheldig. Foreslår følgjande endring: kulepunkt 1 kan erstatte c) i

føresegnene, kulepunkt 2 kan erstatte e) i føresegnene og kulepunkt 3 kan erstatte g) i føresegnene. Siste kulepunkt manglar i føresegnene:

- Naust er bygg i ein etasje med bruksareal (BRA) mindre enn 40 m<sup>2</sup>. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal.
- Mønehøgda skal vere under 5 meter frå normalt høgvatn (NGO – nullpunkt landkart) eller terrengnivå under bygning.
- Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA)
- Altan/utkraging er ikkje tillate.

Fylkesmannen reiser **motsegn til § 3.2.6 punkt c) og e)** og bed om at desse blir erstatte med alternativet vist ovanfor.

#### **Arealbruk:**

Fylkesmannen har òg motsegn til **B3: Bustadområde Melshornlia – der planen går utover det som er avklara i gjeldande kommuneplan/reguleringsplanar, motsegn til utviding av bustadområde B6 Bigset Vest og til rorbuer i FT2 – Haukhamna.**

#### Vedk. B3 Melshornlia - landbruk

Har motsegn til den delen av planen som går ut over det som er avklara i gjeldande kommuneplan/reguleringsplanar. Motsegna er grunngjeven med uheldig nedbygging av verdifulle jordreservar, ikkje dokumentert folkeauke, ledige tomteressursar i overordna plan og at det er mogleg å løyse infrastruktur og dreneringsbehov utan å ta i bruk dyrka og dyrkbar jord.

#### Vedk. utviding Bustadområde Bigset Vest - landbruk

Meiner ei utviding sørover vil gje ei dårlegare arrondering på attverande dyrkajord. Viser til at bustadområdet slik det er avklara i gjeldande kommuneplan ikkje er realisert. Reiser motsegn mot utviding av bustadområdet på fulldyrka og dyrkbar jord med tilvising til at det enno er mange urealiserte tomter i dagens Bigset Vest.

#### Vedk. Haukhamna -FT2 -Område for fritids- og turistføremål

Viser til tidlegare varsel om motsegn til rorbuer i Haukhamna, Jf brev av 18.01.2006 og 07.04.2006. Reiser motsegn til forslaget om å legge det aktuelle arealet som byggjeområde for fritids- og turistføremål. Peika på at det også manglar ei avklaring på tilkomst og parkering for eit eventuelt slikt utbyggingsføremål.

- 0 -

Administrasjonen har vurdert motsegnene frå fylkesmannen og har følgjande kommentarar/tilråding:

#### **Vedk. motsegn til LNF-områda med høve til spreidd utbygging:**

##### LNF- B Liadal- Hjørungdal:

Motsegna vert teken til følgje. I samråd med landbrukssjefen vert det aktuelle området i si heilheit endra til LNF- A område med forbod mot spreidd bustadbygging.

##### LNF-B Hovden

Motsegna vert teken til følgje. Den aktuelle parsellen vert endra og vist som LNF-A område med forbod mot spreidd bustadbygging.



LNF-B Brandal:

Motsegna vert imøtekomen. Utvidinga av LNF-B-området i planforslaget vert trekt attende og arealbruken vist som LNF-A område med forbod mot spreidd bustadbygging som i gjeldande kommuneplan.

Føresegnene til LNF-sone B:

Motsegna vert imøtekomen ved følgjande endra ordlyd i føresegna pkt 4.2:

*«I desse områda kan det tillatast spreidd bustadbygging og frådeling til dette føremålet i samsvar med retningslinjer nedfelt i kommune-planen. Følgjande omfang av nye bustader kan tillatast:*

Antal nye bustader:

|                   |   |
|-------------------|---|
| 1. Brandal        | 4 |
| 2. Oвра           | 5 |
| 3. Kaldholen      | 4 |
| 4. Røyset         | 7 |
| 5. Ulset          | 3 |
| 6. Kvammen        | 2 |
| 7. Snipsøy/Nesset | 7 |
| 8. Mork           | 6 |
| 9. Rise           | 8 |
| 10. Bjåstad       | 4 |

*Det bør ikkje byggjast på dyrka jord. Frådeling må ikkje forringe arronderinga på jordbruksareala. Nye bustader bør definerast utanom dyrka jord og samanhengande jordbruksareal.*

*For bygging av to eller fleire bustader i nær avstand/klynge vert det stilt krav om detaljregulering. Bygging av eitt eller fleire nye hus inntil ei eksisterande klynge eller tun, vil utløyse krav om detaljregulering.*

*På Kvammen bør nye bustader lokaliserast sør om vegen.*

*Jordlova sine §§ 8 og 12 skal framleis gjelde.»*

---

Vedk. 3.2.6: Fritidshus -Naust

Motsegna vert imøtekomen og føresegna § 3.2.6 punkt c) og e) endra slik fylkesmannen foreslår. Føresegna har etter dette slik ordlyd:

«3.2.6 Fritidsbygg -Naust:

- a) Naust er definert som eit uisolert bygg til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn. I naustområde kan det ikkje først opp anna bygg enn i risikoklasse 11-2. Det er forbod mot å innreie rom/loft i naust til varig opphald.*
- b) Desse føresegnene er gjeldande for einskildsaker og ved regulering av nye naustområde eller der føresegner til reguleringsplanane ikkje seier noko om storleik.*
- c) Naust er bygg i ein etasje med bruksareal (BRA) mindre enn 40m<sup>2</sup>. Dobbelnaust med to møne inntil 80 m<sup>2</sup>. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal.*
- d) Sikring mot brann:*

*Når naustgrupper får større samla areal enn 400 m<sup>2</sup> skal det vere 8 m avstand til neste naustgruppe. For dobbelnaust med storleik over 50 m<sup>2</sup> må avstandskrav og brannskiljekonstruksjon mot andre naust vurderast i kvart tilfelle.*

- e) Mønehøgda skal vere under 5 meter frå normalt høgvatn (NGO – nullpunkt landkart) eller terrengnivå topp golv ved naustport.
- f) Naust skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader.
- g) Vindauga si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).
- h) Det er ikkje tillate med brot i takflatene (arker eller opplett), karnapp, skorstein, lèvegg og andre element som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon.
- i) Fargebruken skal vere avdempa. Dette gjeld også for lister og annan detaljering.
- j) I nye naustområde kan det stillast krav om parkeringsdekning på 1/2 parkeringsplass pr naust.
- k) Naust skal plasserast slik at fri ferdsel i strandsona ikkje vert hindra.
- l) Altan/utkraging er ikkje tillate.»

**Vedk. motsegn til arealbruk:**

**B3 Melshornlia**

Kommunen viser til pågåande regulering i området. Området er sentrumsnært og har nærleik til skule, barnehage og øvrig infrastruktur i kommunesenteret. Planavgrensing som vist er m.a. nødvendig for å gi akseptable vegløyningar for ei samla utbygging, og er basert på planskisse datert 08.06.2009 frå AG Plan- og arkitektur. Nemnde planskisse vart lagt til grunn ved utarbeiding av reguleringsplan for Melshornlia1 (Trinn 1). Kommunen ynskjer å leggje til rette for bustadtomter nær sentrum og held fast på planavgrensinga slik den er føreslått i planforslaget. Motsegna vert ikkje teken til følgje. Det vert å krevje meking hjå fylkesmannen på dette punkt.

**B 6: Bustadfelt Bigset Vest:**

Motsegna vert teken til følgje. Forslag til utviding av bustadområdet vert trekt og avgrensing av bustadområdet Bigset Vest skal vere som vist i gjeldande kommuneplan (2006).

**FT2- Fritids- og turistforemål Haukhamna**

Motsegna vert teken til følgje. Arealforemålet for Haukhamna vert endra og området vist som naustområde i samsvar med gjeldande kommuneplan (2006).

Øvrige merknader frå fylkesmannen til planforslaget er skildra og kommentert i vedlagde samandrag (vedlegg 1).

**Møre og Romsdal fylkeskommune v/ kulturavdelinga, 08.05.2012:**

Har motsegn til planframlegget ut frå omsyn til kulturminne til følgjande manglar i plankart og føresegner:

- Fornminneområda på Oвра må leggest inn på plankartet
- Det må knytast omsynssoner m/tilhøyrande føresegner til middelalderkyrkjegarden og bautasteinen ved Hareid kyrkje
- Det er kjent at avgrensinga av det førhistoriske gravfeltet Vågegjelet idnr 45870 er forlita og situasjonen er noko uavklara i retning av industriområdet N2. Kommunen må leggje inn ein større buffer mot aust og, eller kanskje også gjere ei avgrensing i form av ei arkeologisk registrering knytt til kommuneplanen. Alternativt må det påleggjast krav om regulering med klar føresetnad om at ein del av dei sørvestre areala kan gå ut som fylgje av arkeologiske registreringar. Dette må framgå av kommuneplan og konsekvensutgreiingane.
- Ny fylkesvegtrasé må leggjast unna gravrøys på Bjåstad
- Konsekvensutgreiinga må drøfte tilhøve til nyare tids kulturminne meir konkret.

Administrasjonen rår til at motsegna vert imøtekommen, og plankart og føresegner retta opp på følgjande måte:

- **Fornminneområda i friluftsområda på Ovra: Idnr 145426 og 145428 vert innteke og vist i plankartet med omsynssone d) og c) (H 570 og H730)**
- **Middelalderkyrkjegarden ved Hareid kyrkje**  
Avgrensinga av ID-nr 84483-4 vert lagt inn i samsvar med kartstadfesting i Askeladden og vist med svart rutenettskravúr og hensynssone d) H-730. Sikringssone på 5 meter er inkludert i sona.

Avgrensing av ID-nr 84483-5 (bautaen) er lagt inn på same måte og vist med hensynssone d) H-730. Sikringssone på 5 meter er inkludert i sona.  
«Sikrings- og miljøsoner» er innlagt i samsvar med kartstadfesting i Askeladden og vist med hensynssone c) H-570.

Følgjande ordlyd vert innarbeidd i føresegnene til kommuneplanen under pkt. 2.8: Område med automatisk freda kulturminne (pbl § 11-8):

*”Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vært i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vært i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.»*

*« Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan virke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminneloven. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette antikvariske myndigheit, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt satt i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar. ”*

**Retningslinjer :**

*«Hareid kyrkje er ei listeført kyrkje. All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som angår Hareid kyrkje skal til Riksantikvaren for rådgjevnad før det vert fatta vedtak av kyrkjeleg myndigheit etter kyrkjelova.»*

*«Bautasteinen er eit automatisk freda kulturminne. Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne i området.*

*Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast kulturminnevern-myndigheitene for vurdering i høve kulturminnelova, jf. § 3.»*

- **N3 og eventuell arealkonflikt med gravfelt:**

Avgrensing av førhistorisk gravfelt Vågelegjet Idnr 45870 vist i rullerande kommuneplan er identisk med avgrensinga vist i gjeldande kommuneplan (2006). Det er ikkje gjort endringar i plankartet som påverkar grensene til dette fornminnet. For å sikre fornminnet ytterlegare inntil ei arkeologisk registrering er gjennomført foreslår vi følgjande tilføyning til planføresegnene under pkt 3.2.9:«Ved detaljregulering av industriområdet N3 på Risneset skal det i samråd med kulturminnevernmyndigheitene takast nødvendige arealmessige omsyn for å sikre nødvendig buffer mellom industriområdet og gravrøysfeltet på Vågelegjet, Idnr 45870.»

• **Ny fylkesvegtrasé - påverking Idnr 6373 Kjemperøysa på Bjåstad:**

Det aktuelle trasé-alternativet vil ikkje påverke dette kulturminnet. Tunnelinnslaget som er skissert ligg på sørsida av noverande FV 61.

**Vedk. nyare tids kulturminne:**

Kulturminneomsyn er vurdert i konsekvensutgreiinga for dei konkrete byggjeareala. Til føresegnene i kommune-planen pkt. 4.1 og 4.2 – for bygging i LNF-område er det gjeve retningslinjer om innsendingsplikta til Fylkeskonservator i samband med frådeling og bygging i land-bruks-, natur- og friluft-område. I samband med utarbeiding av reguleringsplanar vil kulturminneomsyn bli vurdert på linje med andre lovfesta omsyn, jf pbl sine reglar.

**Vurdering og konklusjon:**

Dei innkomne merknader og motsegner har vore drøfta i administrasjonen og samandrag av merknadene med administrasjonen sine kommentarar/tilrådingar framgår av vedlegg 1. Motsegnene frå Fylkesmannen er tilrådd imøtekome, bortsett frå motsegna som gjeld bustadområdet Melshornlia, der administrasjonen rår til at det vert kravd mekling.

Då det har vore for knapp tid til å få ei endeleg avklaring på ankepunktka frå kulturavdelinga i brev av 08.05.2012 og dei løysingane vi foreslår, jf. saksutgreiinga ovanfor, rår vi til at kommunen bed om mekling også på denne saka.

Rådmannen viser til samandrag av innkomne merknader og motsegner og rår til at formannskapet sluttar seg til administrasjonen sine kommentarar og tilrådingar slik dei ligg føre. Det vert å tinge mekling hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal for følgjande område der det er reist motsegn frå overordna mynde:

- Bustadområde B3: Melshornlia – motsegn frå Fylkesmannen i høve landbruk
- Motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune v/kulturavdelinga i høve manglar i plankart og føresegn Jf brev av 08.05.2012.

Miljøkonsekvensar: Er vurdert.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende.

Beredskapsmessige konsekvensar: Er vurdert.

Hareid, 16.05.2012


Bent Arild Grytten  
rådmann

Sighe Rønnestad Kanstad  
leiar plan- og utviklingsavdelinga



Samandrag og kommentar til innkomne merknader til forslag til kommuneplan – arealdel – 2012-2024 ved 1. gongs off. ettersyn 23.02.-25.04.2012:

| Samandrag merknader :  | Kommentar/tilråding:   |
|--|--|
| <p><b><u>Norges Vassdrag og energidirektorat 01.03.2012:</u></b><br/>- Viser til at det er utført risiko og sårbarhetsanalyse, vurderingar av naturrisiko (snø og jordskred, kvikkleireskred, flaum og flodbølge frå Åknes, og at det i plankartet er lagt inn omsynssone for skred og flodbølge. - Til avgrensing av potensielt skredfarleg område er NGI sine aktsemdskart for stein og snøskred nytta, og til omsynssonene er knytt føresegner som set krav til dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik før tiltak kan settast i verk. NVE har ingen merknader til kommuneplanens arealdel 2012-2024 for Hareid kommune.</p>   | <p><b><u>Kommentar:</u></b><br/>-vert teke til vitande.</p>  |
| <p><b><u>Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal 23.03.2012:</u></b><br/>-registrerer at NFFFA-områda sjø er betydeleg redusert og avgrensa til område rundt eksisterande godkjende akvakulturlokalitetar. Avsett område rundt Teineberget inkluderer også lokalitet 20736 Laupsneset for blåskjell. Resterande sjøareal er elles i all hovudsak avsett til NFFF-område. Generelt er deira syn at det ikkje må leggast for sterke begrensingar for havbruksnæringa, men meiner at Hareid kommune har eit relativt begrensa sjøområde og kort kystlinje som set naturlege begrensingar for moglegheit til havbruksaktivitet.<br/>- peikar på at kystsona er svært verdifull og attraktiv for rekreasjon og næringsverksemd, men er samtidig veldig sårbar. Grundig planlegging er ein føresetnad for at menneskeleg aktivitet i så liten grad som mogleg skal påverke kystsonen og livet i sjøen negativt. Dette er spesielt viktig ved bl.a. planlegging av hytte- og boligtomter på land i tilknytning til sjø, småbåthammer, hamneanlegg, industriområde og avløpsnett. Rår til at alle planlagde inngrep eller aktivitetar som kan påverke livet i sjøen blir lokalisert der dei gjer minst skade på miljøet. Dette inneber for eksempel å forhindre skadar på naturtypar som er sjeldne eller særleg verdfulle.<br/>- etter deira vurdering burde alle kystkommunar ha ein strategi for lokalisering og utbygging av småbåthammer. - småbåthammer bør plasserast der dei har minst negativ påverknad på miljøet, og plassane samlast på færre større anlegg framfor å belaste mange område. -peikar på at i tillegg til dei fysiske inngrepa i naturen medfører småbåthammer auka belastning på miljøet som følgje av utslepp av drivstoff, olje og miljøgifter frå båtane både medan dei ligg på sjøen og i samband med vedlikehald ved utsetting og opptak. FdirMR ser det som positiv at det</p> | <p><b><u>Kommentar:</u></b><br/>NFFFA-områda vist i planen vil dekkje akvakulturverksemda sitt arealbehov innanfor dei gjevne konsesjonane. Reduksjonen i NFFFA områda i forhold til gjeldande kommuneplan er gjort ut frå omsyn til lokale natur- og miljøinteresser, friluftinteresser på land og sjø. Det er rett at kommunen har begrensa sjøområde og kort kystlinje og at dette er viktige moment som er lagt til grunn for den endringa som er foreslått for NFFFA-områda i forhold til gjeldande kommuneplan (2006).<br/><br/>Kommunen seier seg samd i kystsona sin verdi og sårbarheit i høve rekreasjon og nærings-verksemd, men meiner planforslaget slik det ligg føre, i stor grad tek vare på dei omsyn som fiskeridirektoratet påpeikar.<br/><br/>Når det gjeld førebygging og tiltak mot miljøforureining frå småbåthammer foreslått følgjande ny føresegn under planføresegnene pkt. 6: Bruk og vern av sjø og vassdrag:<br/><br/><b>«Småbåthammer:</b><br/><i>Ved nyetablering av småbåthammer vert stilt følgjande vilkår:</i><br/>-Båthammer med servicebrygge/slipp og sjønære opplagsområde skal vere utstyrt med oljeskiljar.<br/><br/>-Det skal leggjast til rette for kjeldesortering av avfall i småbåthamnene,</p> |



etablerast felles småbåthammer for å avgrense inngrep i strandsona, og at det vert fastlagt ein klar strategi for lokalisering av småbåthammer. Foreslår at det vert stilt følgjande vilkår for nyetablering og utviding av hamner, samt vurdert for alle større eksisterande anlegg:

- Båthammer med servicebrygge/slipp og sjønære opplagsområde skal vere utstyrt med oljeskiljar. Dette vil redusere forureininga frå land til sjø vesentleg.
- Det skal leggjast til rette for kjeldesortering av avfall i småbåthamnene, og miljøfarleg avfall (batteri, olje, lakk, maling og andre kjemiske produkt) skal takast hand om på ein forsvarleg måte.
- Bryggeanlegg og bølgebrytarar bør utformast og plasserast med tanke på å oppretthalde tilstrekkeleg gjennomstrøym av vatn for å oppretthalde god vasskvalitet.


Ved Raffelneset, Hareid sentrum er planlagt ny arealbruk til næringsbebyggelse (industriføremål, N1). Utvidinga gjeld sjøareal og vil kunne medføre utfylling i sjø. Her er det som nemnt i rapporten «Biologisk mangfald i Hareid» registrert ålegras (*Zostera marina*) utanfor sandstranda. FdirMR føreset at det stillast krav om at omfanget av og påverknad på ålegrasenga må vurderast spesielt ved ei eventuell utfylling. - viser til at ålegrasenger har ein svært viktig funksjon i det marine økosystemet, bl.a. som oppvekst- og leveområde for ei rekkje fiske- og skaldyrartar. Dette er bakgrunnen for at dei er kartlagde som viktige område for å ivareta det marine biologiske mangfaldet. FdirMR frårår i utgangspunktet tiltak som kan påverke ålegrasenger negativt. FdirMR skal som den nasjonale fiskeriforvaltninga sin representant i regionen i første rekkje arbeide for å sikre dei nasjonalt- og regionalt viktige marine ressursane i regionen (naturtypar med A- og B-verdi). Naturtypar av lokal verdi (C-område) er i utgangspunktet eit kommunalt forvaltingsansvar. Utfrå ei fagleg vurdering vil vi også frårå inngrep i desse områda. - FdirMR har ingen ytterlegare merknader utover dette og tidlegare innspel til arbeidet med kommuneplanen for Hareid kommune, arealdelen 2012-2024.

**Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) 12.04.2012**  
 -DMF registrerer at kommunen har eitt område der det går føre seg råstoffutvinning, steinuttak på det regulerte industriområdet Risneset i Hjørungavåg. Viser til at i planforslaget er teke inn ei generell føresegn for nye område for råstoffutvinning i planføresegnene men at andre område ikkje er sett av.

og miljøfarleg avfall (batteri, olje, lakk, maling og andre kjemiske produkt) skal takast hand om på ein forsvarleg måte. -Bryggeanlegg og bølgebrytarar bør utformast og plasserast med tanke på å oppretthalde tilstrekkeleg gjennomstrøym av vatn for å oppretthalde god vasskvalitet.»

I høve Raffelneset viser vi til at etablert næringsverksemdar i området har stort behov for utvidingsareal og at arealbruken som er vist i rullerande kommuneplan samsvarar med gjeldand godkjende regulering. Med tilvising til merknaden vil ein ved ei framtidig regulering og utfylling vurdere moglege avbøtande tiltak og løysingar for å ivareta dei naturverdiar som er påpeika.

**Kommentar:**  
 Den generelle føresegna for nye område for råstoffutvinning gjev retningslinjer for moglege nye uttaksområde som pr i dag ikkje er kjende. I uttaksområdet på industriområdet Risneset er anslått ein reserve på ca 2,2 mill m<sup>3</sup> fast masse



– kommunen bør vurdere om området ved Risneset vil dekkje den lokale etterspurnaden etter denne type byggeråstoff i planperioden. DMF har ikkje andre kommentarar til planforslaget.

(landskapsplanen). Vedteken landskapsplan for Risneset legg opp til ei etappevis utvinning av steinressursane over ein 40-års periode med eit stipulert årleg uttak på 50 000m<sup>3</sup>. Med dette meiner vi at uttaksområdet på Risneset vil dekkje etterspurnaden for denne type byggjeråstoff i overskueleg framtid.

#### Fylkesmannen i Møre og Romsdal 30.04.2012

-generelt peikar fylkesmannen på kommuneplanens arealdel si rolle som langsiktig plan for utvikling av kommunen sitt fysiske miljø, og ein overordna plan for realisering av målsetjingar i kommuneplanen sin samfunnsdel, samt ansvar for ivaretaking av nasjonale og regionale interesser. Ut frå deira ansvarsområde har fylkesmannen følgjande merknader:

##### ➤ Konsekvensutgreiinga

-verkar å vere gjennomført på ein oversiktleg og god måte.

##### ➤ Planforslaget med føresegnar:

##### Natur- og miljøvern

**Deponi:** Gjer merksam på at etablering av deponi kan medføre fare for forureining – viser til krav som er gitt i avfallsforskrifta kap.9 om deponering.

**Støy:** -peikar på kommunens sitt ansvar for å inkludere og synleggjere støysonkart i kommuneplanen på ein eigna måte. Dette kan gjerast som eige temakart eller tematisk kommunedelplan. Dei områda som er vurdert av Kilde Akustikk omhandlar berre ein liten del. – Oppmodar kommunen til å synleggjere si halding til støyspørsmål i arealplanlegginga i forhold til utbyggjarar og andre aktørar, t.d. vedta retningslinjer til kommuneplanen som fastset tilrådde støykrav for ulike typar område, verksemdar og busetnad. – Viser til retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga (T-1442).

**NFFF1- kombinasjonsområde sjø ved industriområde Raffelneset** – kan gi støy til nærliggande bustader. Det bør her setjast inn restriksjonar i planen for å unngå at det oppstår støyproblem knytt til verksemda i framtida.

##### **B1 Bustadområde Almestranda ved Haggardsneset.**

-frårår at det vert lagt ut bustadtomter her med tilvising til mogleg støy frå oppdrettsanlegg utanfor.

**N1 Næringsbygg Raffelneset:** -frårår at arealet vert utlagt som næringsareal og meiner det har verdi som nærfriluftsområde for bustadfelt i tilgrensande område.

**N4 Næringsområde Raffelneset:** -meiner stranda har verdi som nærutfartsområde for dei som bur i området. Kommunen bør vurdere om det er mogleg å finne erstatningsareal som kan opparbeidast som ei tilsvarande strand nær Hareid.

#### Kommentar:

##### Deponi og støy:

- Merknaden vert teke til vitande.

- Viser elles til planføresegnene pkt 3.2.2. der det er gjeve føresegn om vurdering av støyforhold i samband med regulerings- og byggesaker.

##### NFFF1- kombinasjonsområde sjø

Mogleg støy frå ambulerande bruk av dette området som «bøyehamn» bør vurderast nærare i samband med reguleringsplan for Raffelneset som er under arbeid.

##### B1 – bustadområde ved Haggardsneset

Kommunen ynskjer å oppretthalde planforslaget. Merknaden vert ikkje imøtekomen.

##### N1 og N4 ved Raffelneset

Raffelneset er eit av dei viktigaste sjøretta næringsområda i kommunen. Fleire større og mindre verksemdar er etablert i dette området og er i gang med nyinvesteringar for framtidig utvikling. Kommunen meiner planforslaget slik det ligg føre er nødvendig for å sikre utbyggingsareal til dei etablerte verksemdene i området. Merknaden vert ikkje imøtekomen.

### **FT2 Fritids- og turistforemål Haukhamna**

-viser til tidlegare varsel om motsegn til rorbuer i Haukhamna, jf. brev av 18.01.2006 og 07.04.2006. - Reiser **motsegn** til forslaget om å legge det aktuelle arealet som byggeområde for fritids- og turistforemål. Peikar på at det også manglar ei avklaring på tilkomst og parkering for eit eventuelt slikt utbyggingsforemål.

#### **Overordna vegnett:**

- viser til at spørsmål knytt til utfordringa med kryssing av Sulafjorden ikkje er avklara og at det derfor er høgst usikkert korleis infrastrukturen vil kunne bli på landsida. -vegalternativet med ny trasé sør for Grimstadvatnet og kryssing av Kaldholelva ved utløpet av Snipsøyrvatnet er konfliktfylt i høve verneinteressene, men dette vil bli avklara gjennom konsekvensutgreiing dersom dette blir ein aktuell trasé. -går difor ikkje inn i detaljar om dette no, og viser til at alle aktuelle traséar som er vist i arealdelen til kommuneplanen berre kan vere illustrasjonar og ikkje er juridisk bindande.

#### **Landbruk**

-peikar på at jordvern er sterkt i fokus frå nasjonalt mynde og at regjeringa hadde som mål å halvere nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord innan 2010. - Viser til fleire St.prp om dette, og peikar på at vedteken jordvernstrategi for fylket vårt, jf. Vedtak i M&Romsdal fylkeslandbrukstyre 22. mai 2007. -Viser også til St.meld.mr 39 (2008-2009), og til målsetjingar i melding frå Landbruks- og matdepartementet seinast 02.12.2011. - Ut frå dette legg fylkesmannen difor til grunn at det er strenge føringar om at jordvern skal ha stor vekt når kommunane lagar sine planar.

- Ser det positivt at kommunen har gjort ei fagleg vurdering av kva som skal vere kjerneområde for landbruk i kommunen, som igjen kan danne grunnlag for å etablere omsynssoner knytt til landbruket sine interesser i kommuneplanen. Til enkeltområda i planen har dei følgjande merknader:

**B2 Hjørungavåg:** - kan ikkje sjå at det er behov for å nytte det 5 daa store arealet med dyrka jord til bustadbygging, og viser til avsett areal til bustadområde like nord for B2 med fleire ledige tomter.

**B3 Melshornlia:** - har ikkje innvendingar til utviding sør for allereie etablert bustadområde.

Reguleringsplan for Melshornlia har vore til ettersyn hos fylkesmannen der det er gjeve **motsegn** til den delen av planen som går utover det som er avklara i gjeldande kommuneplan/reguleringsplanar. Motsegna er grunngeven med uheldig nedbygging av verdifulle jordreservar, ikkje dokumentert folkeauke, ledige tomteressursar i overordna plan og at det er mogleg å løyse infrastruktur og dreneringsbehov utan å ta i bruk dyrka og dyrkbar jord. **Motsegna frå 31.01.2011 står ved lag**, med grunnlag i same argumentasjon.

### **FT2- Fritids- og turistforemål Haukhamna**

Motsegna vert teken til følge.

Arealforemålet for Haukhamna vert endra og vist som naustforemål i samsvar med gjeldande kommuneplan (2006).

#### **Overordna vegnett:**


Merknaden vert teken til vitande.

#### **Landbruk**

Innleiande merknad vert teken til vitande.


#### **B2 Hjørungavåg:**

Kommunen ynskjer å oppretthalde planforslaget på dette punkt. Merknaden vert ikkje imøtekomen.



#### **B3 Melshornlia**

Kommunen viser til pågåande regulering i området og ynskjer å halde fast på planavgrensing som vist i kommuneplanen. Motsegna vert ikkje imøtekomen. Det vert kravd mekling hjå Fylkesmannen på dette punkt.





**B4 Bustadområde Holstad:** - utgjer ei blanding av dyrka jord, innmarksbeite og skog på mindre teigar mellom fjellfoten i nord og bustader i sør. Viser til regulert bustadområde i aust, der lite er bygt ut, og stiller spørsmål ved behovet for å utvide bustadområdet på Holstad når det meste av dagens felt enno ikkje er realisert.

**B5 Bustadområde Grimstad:** - Ser Grimstadelva som ei naturleg avslutning på bustadområdet Grimstad. Har ingen merknad til utvidinga av bustadområdet vest for Grimstad-elva.

**B6 Bustadfelt Bigset Vest:** - meiner ei utviding sørover vil gje ei dårlegare arrondering på attverande dyrkajord. Bustadområdet Bigset vest, slik det er avklara i gjeldande kommuneplan ikkje realisert. - reiser motsegn mot utviding av bustadområdet på fulldyrka og dyrkbar jord med tilvising til at det enno er mange urealiserte tomter i dagens Bigset vest.

**LNF-B spreidd utbygging:** Hareid kommune har vidareført frå gjeldande kommuneplan mange område for spreidd bustadbygging. Nokre av areala er svært store. Store område utlagt til LNF B gjer kommuneplanen til eit meir utydeleg styringsdokument, noko som oftast på sikt er uheldig for landbruksinteressene i området. Ut frå dette har dei merknader til følgjande område:

**LNF-B Liadal –Hjørungdal:** - Viser til omfang og antal bustader som det er opna for i dette området og meiner dette vil kunne føre til auka drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området og dempe investeringslyst i framtidig landbruk. LNF må definerast mykje tydelegare for å sikre landbruket sine interesser i området. Har motsegn til storleiken på området utlagt til LNF-B.

**LNF-B Ulset:** -Arealet omfattar både dyrke og dyrkbar jord og er ein del av eit større landbruksområde i kommunen. – Viser til at området grensar til området med verdfull landbruksjord (H570 jordvernssone) og plassering av nye bustader her kan kome i konflikt med landbruksinteressene og ikkje minst gje ei dårlegare arrondering av gjenverande dyrkajord. Liknande merknader er gjeve til LNF-B Røyset, -Kaldholen, -Mork,- Rise, -Kvammen, -Snipsøyr-Neset.

**LNF- B Hovden :** Viser til at det allereie er frådelt 2 bustader i området at det er ledige bustadtomter i

#### **B4 Bustadområde Holstad**

Dette sentrumsnære området er prioritert for bustadbygging i gjeldande kommuneplan, og reguleringsarbeid pågår i området.

I rullerande plan har planutvalet fremja forslag til ny planavgrensinga for Holstad byggjefeltslik planforslaget viser. Kommunen ynskjer å halde fast på det nye forslaget slik det no er fremja. Merknaden vert ikkje imøtekomen.

#### **B5 Bustadområde Grimstad:**

Merknaden vert teken til vitande.

#### **B 6: Bustadfelt Bigset Vest:**

Motsegna vert teken til følgje. Forslag til utviding av bustadområdet vert trekt og avgrensing av bustadområdet Bigset Vest skal vere som vist i gjeldande kommuneplan (2006).

#### **LNF-områda med høve til spreidd utbygging:**

##### **LNF- B Liadal- Hjørungdal:**

Motsegna vert teken til følgje. I samråd med landbrukssjefen vert det aktuelle området i si heilheit endra til LNF- A område med forbod mot spreidd bustadbygging.

**LNF- B- områda Ulset, Røyset, Kaldholen, Mork, Rise, Kvammen og Snipsøyr-Neset:** Planforslaget vert ikkje endra for desse LNF-B-områda, men følgjande tilføyning og presisering er innteke i planføresegna pkt. 4.2:

«Det bør ikkje byggjast på dyrka jord. Frådeling må ikkje forringe arronderinga på jordbruksareala. Nye bustader bør definerast utanom dyrka jord og samanhengande jordbruksareal.»

«På Kvammen bør nye bustader lokalisert sør om vegen.»

##### **LNF-B Hovden**

Motsegna vert teken til følgje, og den aktuelle parsellen endra til LNF-A område med forbod mot spreidd bustadbygging.



allereie etablert bustadområde i sør og har motsegn til at LNF-B Hovden vert lagt ut til spreidd bustadbygging.

**LNF- B Brandal:** - Viser til at det allereie er frådelt mange nye bustader spreidd i dalen og at det nesten berre er bratt dyrkajord att. Har motsegn til å utvide LNF B her, og viser til at det ned mot sjøen er avsett areal til bustadføremaal.

**Omsynssone:**

- har kommentarar til bruk av omsynsson H510 på følgjande område: **Røyset (delar av Røyset mellom kommuneveg og Snipsøyrvatnet), Hjørungdalsmyrane, Sørsida av Ulsetleitet, Sør for Liavegen, Bjåstadbakken mot Kaldhol, Grimstad mot Holstad og Gjerde.**  
- viser til at omsynssona er meint å gje vern mot utbyggingspress, og for nokre av desse områda er utbyggingspress ikkje tilstades – eks: for Hjørungdalsmyrane, -sørsida av Ulsetleitet og på Røyset.

**Samfunnstryggleik:**

- Viser til at ROS-analysen deler risiko inn i fire kategoriar: naturrisiko, verksemdsrisiko, beredskapsiltak av relevans for arealplanlegging og sårbare objekt. Fylkesmannen meiner at dette er ein oversikleg og ryddig måte å tilnærme seg analysen. – Meiner ROS-analysen har ei gjennomgåande god vurdering av årsaker til at uønska hendingar kan skje, men saknar tidvis ei vurdering av konsekvensar dersom ei slik hending skulle inntreffe. Viser til at dette er løyst på ein god måte under delkapittel 4.3.5: Dambrot, og under delkapittel 4.5.12: Informasjons- og kommunikasjonsinstallasjonar. Viser til at det under delkapitlet som omhandlar ustabil grunn er opplyst at ustabil grunn kan vere aktuelt i Hareidsmyrane industripark. Område der kommunen har erfart ustabil grunn bør vurderast nærare og eventuelt avgrensast som omsynsområde i plankartet. Viser til at kommunen har kartfesta delar av risikoområda i ROS-analysen. Dette kan med fordel gjerast med fleire av risikofaktorane for å gje ei betre synleggjering av risiko og sårbarheitsforhold i kommunen. Ynskjer at resultatet av ROS-analysen kort blir skildra i sjølve planomtalen, gjerne saman med kommunen sine forslag til førebyggjande og/eller skadereduserande tiltak og tiltak som allereie er iverksette.

**Barn og unge:**

- gjev ros til kommunen for det arbeidet som er gjort på dette området og meiner denne omtalen vil kunne brukast som eksempel for andre kommunar.

**LNF-B Brandal:**

Motsegna vert teken til følgje. Utvidinga av LNF-B-området i planforslaget vert trekt attende og arealbruken vist som i gjeldande kommuneplan.

**Bruk av omsynssone H510**

Merknaden vert teken til følgje med følgjande endringar på plankartet:

- Omsynssone H510 på LNF-A områda Hjørungdalsmyrane, sørsida av Ulsetleitet og på Røyset vert teke ut av plan.
- Omsynssone H510 på LNF-A området Grimstad mot Holstad skal forlengast austover til også gjelde gnr 46 bnr 2 og gnr 46 bnr 7, sør for bustadområdet på Holstad.

**Samfunnstryggleik:**

Merknaden vert teken til vitande.

Konsekvensvurdering av uønska hendingar vil bli vurdert i det vidare arbeid med ROS-analyser i samband med beredskapsplan.

Når det gjeld merknaden vedkomande kapitlet «Ustabil grunn» i ROS-analysen der industriområdet Hareidsmyrane er nemnt, så er opplysningane her relatert til usikkerheit om djupneforholda på staden i forhold til å nå fast byggjegrund og ikkje til mangel på stabilitet i grunnen. Dette er forhold som er avklara i reguleringsplanen.

Risikoområda som er kartfesta i kommuneplanen er basert på offisielle kartdatabasar. Andre risikoområde som er nemnde ROS-analysen må vurderast nærare før kartfesting.

**Barn og unge:**

Merknaden vert teken til vitande.

### **Føresegner:**

- har merknader til følgende punkt:

#### **3.2.6 Naust**

Føresegnene er i utgangspunktet gode, men ei generell opning for naust på 50 m<sup>2</sup> er uheldig. Foreslår følgende endring: kulepunkt 1 kan erstatte c) i føresegnene og kulepunkt 2 kan erstatte e) i føresegnene og kulepunkt 3 kan erstatte g) i føresegnene. Siste kulepunkt manglar i føresegnene:

- Naust er bygg i ein etasje med bruksareal (BRA) mindre enn 40 m<sup>2</sup>. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal.
- Mønehøgda skal vere under 5 meter frå normalt høgvatn (NGO – nullpunkt landkart) eller terrengnivå under bygning.
- Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA)
- Altan/utkraging er ikkje tillate.

- føresegnene seier ikkje noko om kva som er tillate mellom naustet og sjøen. – meiner det er også uklart kva ein legg i punkt k) Er det bak naustet kommunen siktbar til, foran eller begge deler?

Fylkesmannen reiser motsegn til § 3.2.6 punkt c) og e) og bed om at desse blir erstatta med alternativet vist ovanfor.

#### **3.2.7 Fritidsbygg - rorbu**

Siste setning i føresegna må spesifiserast betre. –fri ferdsel framfor slike bygg er normalt ikkje tillate etter friluftsløva ettersom dette er definert som fritidshus. – meiner at kommunen også bør signalisere at slike bygg berre kan lokaliserast i område der terrenget er slik at bygga ikkje medfører uheldige landskapsverknader og fortrinnsvis i strandsoneområde der det er bygt frå før.

#### **Strandsona**

-minner om at det er innført planretningsliner for strandsona, og hadde gjerne sett at kommunen brukte desse i planen og laga føresegner som var tilpassa Hareid. Iflg plan- og bygningslova § 1-8 gjeld eit generelt byggeforbod i 100-metersbeltet langs sjø. Kommunen kan, etter først å ha kartlagt behovet, vedta føresegner som opnar for landbrukstiltak i 100-metersbeltet langs sjø, jf § 11-11 nr 4.

#### **LNF-sone B:**

-viser til at føresegnene til LNF-B har definert omfang og føremål, men ikkje konkretisert kor dei nye bustadane skal lokaliserast. Meiner at fleire av LNF-områda har openberre konflikter knytt til jordvern. – Føresegnene er ikkje klare nok på kva slags

### **Kommentar:**

#### **Vedk. 3.2.6: Fritidshus -Naust**

Motsegna vert imøtekomen og føresegna § 3.2.6 punkt c) og e) endra slik fylkesmannen foreslår.

Føresegna har etter dette slik ordlyd:

#### **«3.2.6 Fritidsbygg –Naust:**

- a) Naust er definert som eit uisolert bygg til oppbevaring av båt og tilhørande reiskap/vegn. I naustområde kan det ikkje forast opp anna bygg enn i risikoklasse 11-2. Det er forbod mot å innreie rom/loft i naust til varig opphald.
- b) Desse føresegnene er gjeldande for einskildsaker og ved regulering av nye naustområde eller der føresegner til reguleringsplanane ikkje seier noko om storleik.
- c) Naust er bygg i ein etasje med bruksareal (BRA) mindre enn 40m<sup>2</sup>. Dobbeltnaust med to mone inntil 80 m<sup>2</sup>. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal.
- d) Sikring mot brann:  
Når naustgrupper får større samla areal enn 400 m<sup>2</sup> skal det vere 8 m avstand til neste naustgruppe. For dobbeltnaust med storleik over 50 m<sup>2</sup> må avstandskrav og brannskiljekonstruksjon mot andre naust vurderast i kvart tilfelle.
- e) Monehogda skal vere under 5 meter frå normalt høgvatn (NGO – nullpunkt landkart) eller terrengnivå topp golv ved naustport.
- f) Naust skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30-40 grader.
- g) Vindauga si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).
- h) Det er ikkje tillate med brot i takflatene (arker eller opplett), karnapp, skorstein, lèvegg og andre element som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon.
- i) Fargebruken skal vere avdempa. Dette gjeld også for lister og annan detaljering.
- j) I nye naustområde kan det stillast krav om parkeringsdekning på 1/2 parkeringsplass pr naust.
- k) Naust skal plasserast slik at fri ferdsel i strandsona ikkje vert hindra.
- l) Altan/utkraging er ikkje tillate.»

Punkt k): Hovudsiktemålet med denne føresegna er at det skal vere mogleg for folk som ferdast i strandsona å kunne passere eit naust utan å bli hindra av fysiske sperrer som ikkje naturleg høyrer til eit naust, t.d. inngjerding av nausttomta med stengsel ut i sjøen. Vi meiner ordlyden i føresegna er dekkjande.

#### **3.2.7 Fritidsbygg -Rorbu**

Merknaden vert imøtekomen. Siste setning i føresegna punkt 3.2.7 vert endra og skal ha følgende ordlyd:

« Ved lokalisering av område for rorbuer skal det takast omsyn til landskap og omgjevnader: Rorbuer kan berre lokaliserast i område der terrenget er slik at bygga ikkje medfører uheldige landskapsverknader, fortrinnsvis i strandsoneområde der det er bygt frå før. ».

landbruksareal det skal byggjast på. – Føresegnene bør også seie noko om storleiken på tomtene.  
- Viser til pbl § 11-11 nr 11-7 og viser til at Hareid kommune kan presisere at ein også må ta omsyn til bruk av dyrka jord ved lokalisering av bygningar og anlegg knytt til jordbruk. - Meiner kommunen får her ein klar heimel for å gje føresegner om plassering og utforming av nye bygningar og anlegg i LNF-areala. Føresegnene skal likevel ikkje hindre naudsynte tiltak der det er liten valfridom i høve til plassering, men gje ein meir pårekeleg og kvalitativ betre arealstyring. – Hareid kommune kan presisere at ein også må ta omsyn til bruk av dyrka jord ved lokalisering av bygningar og anlegg knytt til landbruk.

- Omsynssoner knytt til landbruken kan ikkje ha føresegner, men retningsliner.

- Fylkesmannen har motsegn fram til føresegnene knytt til LNF-B gjev landbruket sine interesser eit betre vern, både når det gjeld vern av dyrka og dyrkbar jord og i høve til arronderinga av landbruksområda.

#### Kote for byggjehøgder:

-tilrår at kommunen fastsett kote for byggjehøgde med tanke på stormflo og framtidig havnivåstigning i planføresegnene. I ROS-analysen står det at ei høgde på 2,5 meter over kart null neppe er problematisk for naust og andre bygg som ligg nær sjøen. Det framgår ikkje kva som er meint med «andre bygg», men vi vil påpeike at for bygg med normalt opphald vil ei kote på 2,5 ikkje vere tilstrekkeleg. Til hjelp til fastsetting av kote viser vi til rapporten «Havnivåstigning – estimer av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner» (2009) og rettleiaren «Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging»

#### Vedk. Strandsona:

Kommunen har få gardsbruk i drift som soknar til sjø. Evt. behov for å endre føresegnene i planen på dette punkt for å sikre landbrukstiltak i 100-metersbeltet kan vurderast ved seinare rullering av planen. Merknaden vert tatt til vitande.

#### Føresegnene til LNF-sone B:

Forhold som her er peika på er svara på i kommentarane ovanfor under landbruk. Motsegna i høve føresegnene er imøtekomen ved følgjande endra ordlyd i føresegna pkt 4.2 i høve LNF- sone B:

«I desse områda kan det tillatast spreidd bustadbygging og frådelling til dette foremålet i samsvar med retningsliner nedfelt i kommuneplanen. Følgjande omfang av nye bustader kan tillatast:

#### Antal nye bustader:

|                   |   |
|-------------------|---|
| 1. Brandal        | 4 |
| 2. Ovra           | 5 |
| 3. Kaldholen      | 4 |
| 4. Røyset         | 7 |
| 5. Ulset          | 3 |
| 6. Kvammen        | 2 |
| 7. Snipsoyr/Neset | 7 |
| 8. Mork           | 6 |
| 9. Rise           | 8 |
| 10. Bjåstad       | 4 |

Det bør ikkje byggjast på dyrka jord. Frådelling må ikkje forringe arronderinga på jordbruksareala. Nye bustader bør definerast utanom dyrka jord og samanhengande jordbruksareal.

For bygging av to eller fleire bustader i nær avstand/klynge vert det stilt krav om detaljregulering. Bygging av eitt eller fleire nye hus inntil ei eksisterande klynge eller tun, vil utløyse krav om detaljregulering. På Kvammen bør nye bustader lokaliserast sør om vegen.

Jordlova sine §§ 8 og 12 skal framleis gjelde.»

Retningsliner: (ikkje endra)

#### Kommentar til merknad om kotehøgder:

Vi meiner den generelle føresegna i omsynssona vil vere dekkjande. Kotehøgder for bygg i strandsona må vurderast i samband med regulering eller i den enkelte byggjesak, der slike omsyn er aktuelle. Merknaden vert teken til vitande.



**Møre og Romsdal fylkeskommune 30.04.2012:**

- meiner merknadene deira ved oppstart av planarbeidet er godt ivaretekne i planen. – det er gjort godt arbeid med konsekvensutgreiinga og hensyna til barn og unge er godt ivaretekne i planføresegnene. – godt samsvar mellom planprogram og endeleg plan, men peikar på at barnetråkkregistrering ikkje er blitt gjennomført. Ser at det ikkje er gjort greie for korleis medverknad frå barn og unge er ivareteke i prosessen, og vonar at kommunen vil prioritere barnetråkkregistrering i perioden som kjem.  
–ser det som positivt at det vert igangsett eit prosjekt for kartlegging av universell utfordring i sentrum.  
- Meiner planomtalen er godt strukturert og lett tilgjengeleg, Føresegnene er kortfatta og presise og vil kunne vere eit godt styringsverktøy for planperioden. Føresegna knytt til fritidsbygg. Rorbu kunne med fordel sett krav til maksimal storleik og opparbeiding av uteareal.  
Peikar på at hensynssone H730 manglar i teiknforklaringa til plankartet.  
Konkluderer med at planarbeidet er godt gjennomarbeidd og har ikkje merknader utover dei planfaglege kommentarane.

**Kommentar:**

Kommunen har som siktemål på få gjennomført ei barnetråkkregistrering i planperioden. Sameleis vil det i samband med miljøgateprosjektet/-tettstadsutvikling bli sett fokus på utbetring av hindringar/-manglande universell utfordring med tanke på å skape eit sentrumsområde som er tilgjengeleg for alle.

Påpeika manglande teiknforklaring for hensynssone H730 er retta opp på i plankartet.

Øvrige moment i merknaden vert teke til vitande.

**Kulturavdelinga, Møre og Romsdal fylkeskommune 08.05.2012 (utsett merknadsfrist)**

- Har merknader vedkomande
- Automatisk freda kulturminne (manglar på plankart og føresegner)
  - N3 og eventuell arealkonflikt ( Avgrensling av gravrøysbelte ved Vågelegjet)
  - Ny fylkesvegtrasé –(arma mot tunneltraseen påverkar kjemperøysa på Bjåstad
  - Nyare tids kulturminne (etterlyser generell drøfting i konsekvensutgreiinga)

og reiser motsegn til planframlegget ut frå omsynet til kulturminne med følgjande konklusjon:

- fornminneområda på Ovrå må leggest inn på plankartet
- det må knytast omsynssoner til middelalderkyrkjegarden og bautasteinen med tilhørande føresegner
- Det må leggest inn buffer til industriområde N2
- ny fylkesvegtrasé må leggest unna gravrøys på Bjåstad
- konsekvensutgreiinga må drøfte tilhøve nemnt meir konkret ovanfor.

I høve siste kulepunkt ovanfor er gjeve følgjande forklarande merknad:

**Kommentar:**

Motsegna frå fylkeskommunen er imøtekome på følgjande måte:

- **Fornminneområda i friluftsområda på Ovrå:**

Idnr 145426 og 145428 er vist i plankartet med omsynssone d) og c) (H 570 og H730)

- **Middelalderkyrkjegarden ved Hareid kyrkje**

Avgrensinga av ID-nr 84483-4 er lagt inn i samsvar med kartstadfesting i Askeladden og vist med svart rutenettskravúr og hensynssone d) H-730. Sikringssone på 5 meter er inkludert i sona.

Avgrensing av ID-nr 84483-5 (bautaen) er lagt inn på same måte og vist med hensynssone d) H-730. Sikringssone på 5 meter er inkludert i sona.

«Sikrings- og miljøsoner» er innlagt i samsvar med kartstadfesting i Askeladden og vist med hensynssone c) H-570.

Føresegna pkt. 2.8: Område med automatisk freda kulturminne (pbl § 11-8):skal ha følgjande ordlyd:

«Hensynssona femner om automatisk freda kulturminne med fredingsareal i samsvar med kulturminnelova §§ 3,4 og 6, og fastsette grenser i godkjende reguleringsplanar. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan

**«Nyare tids kulturminne**

Oppover solhellinga på nordsida av Hareidsdalen har det vore busetnad knytt til jordbruk i lange tider. Dette syner no att som eit belte av eldre bygningar, andre bygde kulturminne og strukturar knytt til jordbruksdrift (beitemark, åkerreiner, steingardar, utmarksløer og ruinar). Dei same områda er i dag attraktive for busetnad. Ved nybygging i området er det viktig at det vert gjort vurderingar av kulturminna i området, og kva som må ivaretakast. Dette gjeld til dømes for område B4 i kommuneplanen. Hjørungavågen og i nordhellinga vestover frå Hareid sentrum; det andre større området av same karakter.

Næringsareala, naustareala, og hytteområda langs sjøen er andre område der nyare tids kulturminne må bli vurdert. Gamle grindbygde naust har særskild verdi som ein bygningskonstruksjon med lange tradisjonar tilbake i tid langs vestkysten av Norge opp til og med Mørkekysten. Både bygningar, steinvorar, stø, og samanheng i landskapet er viktig i forståinga av desse kulturminna. I samband med kulturen knytt til fiske og fangst i Ishavet har Hareid ein særleg viktig rolle i nasjonal samanheng. Næring knytt til kystkultur har ei viktig rolle i historia om busetnad i kystkommunen Hareid. Også kulturminne nyare enn før år 1900 kan da vere viktige.

Merknaden vedrørande nyare tids kulturminne er generell og gjeld for alle områda i kommuneplanen. Konsekvensutgreiingane må drøfte problemstillinga spesifikt.»

virke inn på automatisk freda kulturminne er ikkje tillate. Møre og Romsdal fylkeskommune, kulturavdelinga skal kontaktast i alle saker der tiltak kan påverke automatisk freda kulturminne.

**Hareid mellomalderkyrkjegard**

Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.»

**Tilføying til retningslinene under pkt 2.8:**

«Hareid kyrkje er ei listeført kyrkje. All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som angår Hareid kyrkje skal til Riksantikvaren for rådgjevnad før det vert fatta vedtak av kyrkjeleg myndigheit etter kyrkelova.»

«Bautasteinen er eit automatisk freda kulturminne. Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne i området.

Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast kulturminnevern-myndigheitene for vurdering i høve kulturminnelova, jf. § 3.»

«Planen er ikkje avklara i forhold til hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Kulturminnelova gjeld også i desse tilfella.

**Tilføying til punkt 3.1 Fellesføresegnene:**

«Alle byggeområde på land og sjø skal for løyve ha avklart tilhøve til automatisk freda kulturminne, enten gjennom byggjesak eller reguleringsplan.»


**Tilføying til retningsliner under føresegna punkt 6: Område for særskild bruk og vern av sjø og vassdrag:** «Anlegg i sjø og vassdrag skal avklarast i forhold til automatisk freda kulturminne.»

• **N3 og eventuell arealkonflikt med gravfelt:**

Avgrensing av førhistorisk gravfelt Vågelegjet Idnr 45870 vist i rullerande kommuneplan er identisk med avgrensing vist i gjeldande kommuneplan (2006). Det er ikkje gjort endringar i plankartet som påverkar grensene til dette fornminnet. For å sikre fornminnet ytterlegare, foreslår vi følgjande tilføying til planføresegnene under pkt 3.2.9: «Ved detaljregulering av industriområdet N3 på Risneset skal det i samråd med kulturminnevernmyndigheitene takast nødvendige arealmessige omsyn for å sikre



|   |  |
|---|--|
|   | <p><i>nødvendig buffer mellom industri-området og gravrøysfeltet på Vågelegjet, Idnr 45870.»</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b><u>Ny fylkesvegtrasé - påverking Idnr 6373 Kjemperøysa på Bjåstad:</u></b><br/>Det aktuelle trasé-alternativet vil ikkje påverke dette kulturminnet. Tunnelinnslaget som er skissert ligg på sørsida av noverande FV 61. Vi viser til vedlagde kartutsnitt, der dette framgår</li></ul> <p><b><u>Vedk.nyare tids kulturminne:</u></b><br/>Kulturminneomsyn er vurdert i konsekvensutgreiinga for dei konkrete byggjeareala. Til føresegnene i kommuneplanen pkt. 4.1 og 4.2 – for bygging i LNF-område er det gjeve retningsliner om innsendingsplikta til Fylkeskonservator i samband med frådeling og bygging i landbruks-, natur- og friluftsområde. I samband med utarbeiding av reguleringsplanar vil kulturminneomsyn bli vurdert på linje med andre lovfesta omsyn, jf pbl sine reglar.</p> |
| <p><b><u>Statens Vegvesen, Region midt, 24.04.2012</u></b><br/><i>Utbyggingsområde: Viser til at desse områda stort sett er plassert som ei utviding av eksisterande felt og vil ikkje kome i konflikt med deira interesser og sektoransvar. - registrerer at langs det overordna vegnetter er gjort alternative vurderingar for tilkomst. Ei seinare avklaring må vere i samsvar med handbok 262 om retningsliner for handsaming av avkøyrlesaker, jf. Pbl § 27-4.</i><br/><b><u>Overordna vegnett:</u></b><br/><i>-viser til konseptvalutgreiinga for E39 –Skei-Ålesund, pkt 12 der det er konkludert med at «Tunneldjupner på 600 m synest i dag å vere uaktuelle å gå vidare med». Dersom regjeringa er einig i denne vurderinga kan ein sjå vekk frå tunnel under Sulafjorden. Det er skisser på løysingar for røyrbu/flytebru som er knytt Hareidslandet i område nærare Brandal. –dei reknar med at også ei slik løysing vil krevje at fv.61 vert lagt i ein (flat) tunnel forbi Hareid sentrum og at skissert tunnelpåhogg vest for Grimstadvatnet og ny veglinje og kryssløysing i Hareidsdalen kan vere aktuell også med eit slikt flytebru/røyrbu-konsept.-korleis ei eventuell løysing med flytebru/røyrbu vil gripe inn i arealbruken ved Brandal er førebels usikkert. Dersom ny fv.61 skal ha eit kryss med fv.37 i dette området må ein rekne med at trafikken frå Hareid sentrum vil køyre fv. 37 til dette krysset når dei skal vidare mot Ålesund. I så fall kan bli stor trafikkauke på fv. 37. -Peikar på at det er svært usikkert om det er fjellover-dekning for det tunnelalternativet som er skissert under Hareid sentrum. I vegløysingar der ein ikkje skal ned i ein djup undersjøisk tunnel vil ei slik løysing truleg vere heilt uaktuell og bør derfor kanskje takast ut av kommuneplanen. Det er usikkert om, og eventuelt når, eit fast samband mellom Hareid og Sula kan realiserast. Ein bør derfor vurdere om det skal sikrast areal for eit mellombels eller permanent løysing med ny ferjekai utanfor sentrum. Med ei ny kai nærare Hjørungavåg vil ferjestrekninga til Sulesund bli kortare og</i></p> | <p><b><u>Kommentar:</u></b><br/>Momenta og vurderingane i merknaden er kjende problemstillingar, med gjev ikkje grunnlag for endring av planforslaget slik det ligg føre.<br/>Merknaden vert teken til vitande.</p>  |




|   |   |
|---|---|
| <p>problema i sentrum ved ilandkøyning vil bli eliminerte. Ei slik løysing krev truleg ny fv.61 heilt frå ferjekaia til kommune-grensa mot Ulstein. Då vil støyproblem og andre miljøproblem for busetnadane langs noverande fv.61 bli vesentleg reduserte.</p> <p>-Vi registrerer opplysninga i punkt 2.3.5 om at det ikkje er vurdert vegtrasear for ei slik løysing i kommuneplanen no. Basert på det plangrunnlaget som ligg føre til no har vi ikkje vesentlege merknader til hovudprinsippa i dei trasealternativa som er skissert, men det må vere ope for vesentlege justeringar når vi får grunnundersøkingar og meir detaljert kartmateriale. Då blir mellom anna lengdeprofilen vurderast nærare. Ein bør om mogleg unngå lange djupe skjeringar i fall ned mot tunnelpåhogga med dei problema det vil føre til med å bli kvitt vatnet. Det kan og sjå ut til å vere litt korte avstandar mellom kryss og tunnelportal.-meiner Hareid kommune har fått fram ei grundig og god vurdering bl.a. i planomtalen for det overordna vegnettet og konsekvensar i vedlegg 2.</p> |   |
| <p><b><u>Einar J. Måseide, 21.02.2012 (innspel)</u></b></p> <p>-Ber om at følgjande rammer vert til grunn ved bygging av fritidshus og hytter ved Snipsøyrvatnet: Storleik og utnytting:</p> <p>-Tillatt bruksareal pr tomt er 120 m<sup>2</sup>. Det kan byggjast som fritidsbustad på 120 m<sup>2</sup> eller med anneks/uthus og naust på 15 m<sup>2</sup>, slik at samla areal er 120 m<sup>2</sup>.</p> <p>Plassering og utforming:</p> <p>-Hovudmøneretning skal vere langs terrenget. Mønehøgda skal avgrensast til 5,50 m og gesimshøgda til 4,00 m frå topp grunnmur. Det kan lagast terrasse/utegolv på inntil 30 m<sup>2</sup>. Tomta skal ikkje gjerdast inne.</p>  | <p><b><u>Kommentar:</u></b></p> <p>Vi meiner innspelet til rammer for bygging av fritidshus og hytter langt på veg er ivareteke planføresegnene slik dei ligg føre i kommuneplanen.</p> <p>Evt. tilpassing av lokale hensyn ut over dette, må skje ved detaljregulering av områda. Merknaden vert ikkje imøtekome.</p>  |
| <p><b><u>Ulimatec w/Håvard Myrene 27.03.2012 – kopi av e-post</u></b></p> <p>- viser til område for ankringsbøyer på arealet til Holstad Rørservice (NFFF1-området ved Raffelneset). Ber om at det blir innarbeidd nødvendige sikkerheitssoner og avstand frå oppankringsbøyer og det som evt. skal ankrast i bøylene, til innseglinga til det innregulerte kaiområdet i Mylna Industriområde. Sikkerheitssonene og krav til merking av ankringsbøyer og flytegjenstander som skal ankrast i bøylene, må innarbeidast i reguleringsplan og kommuneplan iht.gjeldande regelverk.</p>   | <p><b><u>Kommentar:</u></b></p> <p>Det aktuelle NFFF1 område der det skal vere høve til å plassere oppankring av bøyer vert trekt ca 200 m lenger austover. Konkret avklaring av sikringssoner mot Mylna industriområde med tanke på å sikre trygg innsegling til innregulert kaiområde der, må avklarast i samband med oppstarta detaljregulering på denne delen av Raffelneset (Holstad Rørservice og Libra).</p> |
| <p><b><u>Magne Larsen Elvheim Gard GBnr 57/11, 49/6 og 8, den 19.04.2012</u></b></p> <p>-Orienterer om historia til garden. Pr i dag er eggproduksjon avslutta og inntektene på garden kjem frå mjølkeproduksjon, kjøtproduksjon, brødproduksjon og prøveproduksjon av ost. Konseptet for å drive garden vidare er «kortreist mat» basert på mjølkeproduksjon, kjøtproduksjon, brødproduksjon og</p>  | <p><b><u>Kommentar:</u></b></p> <p>Det er positive aktivitetar og satsingar på gardsdrifta som merknadsstillaren skildrar, og ein kan sjå at den skisserte vegtrase med tunnelpåhogg mot Bjåstad vil kunne skape vanskar for framtidig gardsdrift dersom denne vegløyninga blir valt. Ein vil vise til at dei dei to</p>  |





|  |  |
|--|--|
| <p>osteproduksjon. Viser til at kortreist matmarknad er aukande og at garden ligg strategisk godt til mellom Ulstein og Hareid, med hensyn på sal av gardsproduksjon. Planlagt vegtrasé med tunnelpåhogg for kobling til eit framtidig undersjøisk tunnelsamband mot Sula ser ut til å øydelegge driftsgrunnlaget for Elvheim gard. Ved at FV61 deler opp gnr 57 bnr 11, gnr 49 bnr 8 og 6, til tross for at Hareid kommune har freda desse areala for nedbygging (området Bjåstadbakken mot Kaldholen som er definert som kjerneområde landbruk). Konsekvens: Tapet for denne rasinga av garden og dei ulike produksjonane ser ut til å ligge på ca 20 mill kr.</p> <p>Løysingsforslag:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1: Planen vert omarbeidt slik at fortsatt drift av garden og konseptet for den kan vidareførast.</li><li>2. Hareid kommune utbetalar 20 mill kr slik at verksemda kan vidareførast andre stadar.</li></ol>  | <p>alternative vegløyisingane for ein framtidig ny FV 61 med tunnelpåhogg mot Bjåstad eller Melshornlia er bunde saman med ei framtidig løysing for fastlandsamband mot Sula. Det er høgst usikkert kva løysing som her vert valt; undersjøisk tunnel eller flytebru-alternativ. Men inntil endeleg løysing er bestemt, bør dei to alternative veg-traséane vere inntekte i kommuneplanen. Grunneigars rett til å framsetje krav om erstatning er heimla i plan- og bygningslova Kap. 15. For krav om innløyising ved kommuneplanens arealdel viser vi til plan- og bygningslova § 15-1.</p> |
| <p><b><u>Øystein og Margrete Alme, 22.04.2012</u></b></p> <p>- peikar på at område i planframlegget er kalla «Litle Alme», men dette høyrer under gardsbruket «Kåvika» gnr 63, bnr 2. Ber om at dette blir endra.</p> <p>-viser til at det var ynskje frå grunneigar at heile området nedanfor vegen vart omregulert til fritidsbustader, men at dette ikkje er imøtekome. Til forslaget slik det er imøtekome har dei følgjande merknad: – Grunneigar held på sitt primære ynskje om at heile arealet vert omregulert. – sekundært har grunneigar ynskje om at dersom det omregulerte arealet vert redusert, vert det flytta nærare sjøen slik vedlagde kart viser.</p> <p>-Meiner område F4 i framlegget er ei dårleg plassering etter grunneigar sitt syn; ligg for nær vegen, er bratt og ulent å byggje på og er utsett vèrmessig og for innsyn. Meiner ei plassering nærmare sjøen vil vere meir skjerma både vèrmessig og mot innsyn. – stiller også spørsmål ved behov for vurdering av skredfare i området og viser til godkjent reguleringsplan (1986) for bustadområdet ovanfor vegen.-Peikar på problem for mogleg tilnyting til eksisterande anlegg (VA), og meiner fritidsbustader i området må ha eige system for dette. – Er misnøgd med planprosessen i forhold til sitt innspel. - Har ingen merknader til framlegget til nausttomter.</p> | <p><b><u>Kommentar:</u></b></p> <p>Nemninga som er nytta i planforslaget vert endra til «Kåvika» gnr 63, bnr 2 i samsvar med merknaden.</p> <p>Avgrensinga på hytteområdet er gjort utfrå landskapsmessige omsyn, og ein vil halde fast på planforslaget slik det ligg føre. Merknaden vert på dette punkt ikkje imøtekome.</p> <p>Evt. utlegging av nytt areal til hytteføremål ved sjøen må takast opp ved seinare rullering av kommune-planen.</p>  |
| <p><b><u>MCO Bygg AS, på vegne av Georg Johansen</u></b></p> <p>-viser til innsendt forslag byggeområde for ferie og fritidsprosjekt på Alme, gnr 63, bnr 3 - og klagar forslaget slik det ligg føre i kommuneplanen.</p> <p><b>Ferieboliger:</b> Prosjektet skal innehalde både ferieboliger for sal og ferieboliger for utleige. Hyttefeltet med ca 20 ferieboliger for sal skal plasserast på oppsida av vegen, spreidd i terrenget. Planlagde hytter på nedsida av vegen i det første forslaget deira er fjerna frå planen etter signal frå</p>  | <p><b><u>Kommentar:</u></b></p> <p>Vi viser til at det allereie er avsett areal til småbåthamn i området etter innspel med basis i planlagt turismesatsing på Alme. Lokalisering av nye naustområde må evt. vurderast og innarbeidast ved seinare rullering av planen. Merknaden vert ikkje imøtekomen.</p>  |



|   |  |
|---|--|
| <p><i>kommunen. Naust/molo: Naustrekkje langs fjøra må vere ein del av prosjektet + molo slik det er vist på situasjonskartet. Dette for å gi hytteeigarane og leigetakarar mulegheit til lagring av båt på forsvarleg måte. Ber om at dette vert lagt inn i kommuneplanen, då det er av vesentleg betydning for eit heilheitleg prosjekt. - Viser til bereknaøkonomi/samfunnsnytte og ber kommunen prioritere slik at vedlagde planar kan bli tatt med i kommuneplanen i samsvar med vedlagde planskisse.</i></p>  |  |
| <p><b><u>Siv.arkitekt MNAL Børge Hjørungnes, 23.04.2012</u></b><br/><i>- ynskjer innregulert 5 bustadtomter på Hjørungneset, på gnr 69, bnr3: Torill Hjørungnes og Ottar Louis Johnsen.<br/>- planløysinga er nærare forklart samt vist på kartskisse (vedlagt).<br/>-skisserer løysing for tilkomstveg til naust og nausttomter i området Haukhamna, og vatn og avløp for bustadområdet.</i></p>   | <p><b><u>Kommentar:</u></b><br/><b>Innspelet er kome for seint til å kunne vurderast ved denne planbehandlinga. Innspelet vert evt. å vurdere ved seinare planrulling.</b></p>   |
| <p><b><u>Linda og Morten Stridh, udatert, mottatt 24.04.2012</u></b><br/><i>-meiner innspelet deira er blitt feiltolka då deira intensjon var å få til noko på Løvoll (53/2). Dei har planar om å få lagt til rette for 8 nye bustader i området ved å bygge tett i staden for spreidd, slik gjeldande kommuneplan viser. Viser til at det aktuelle arealet som dei ynskjer å byggje bustader på utgjør berre ca 1 % av det samla jordbruksarealet i kommunen. Fremjar ei rekkje synspunkt og argument vedk. samfunnsøkonomi, miljøgevinst, veg og logistikk som underbygging for søknaden deira. –Sett i samanheng med planane til Harry Fjelle og Alv Rise vil dette feltet kunne bli ein naturleg forlengelse av Bigset vest. - Viser til at fleire har meldt si interesse for tomter i dette området, og viser elles til at naboar stiller seg positive til prosjektet.</i></p> | <p><b><u>Kommentar:</u></b><br/><b>Det vert vist til overordna retningslinjer frå landbruksmynda om innskjerping av nedbygging av dyrka og dyrkbar jord. Merknaden vert ikkje imøtekomen</b></p> <p><b>Vi viser elles til at utviding av bustadområdet B6 Bigset Vest er trekt som følgje av motsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.</b></p> |
| <p><b><u>Harry Fjelle og Alv Rise, datert 24.04.2012</u></b><br/><i>- har merknad til avgrensinga av innspelet deira til utviding av bustadfeltet Bigset Vest. Ynskjer at ein ser bustadområdet i samanheng med planane på Løvoll (53/2), og meiner ein då vil kunne oppnå eit betre flyt og struktur om det vert tillate bygging nærare vegen og samanheng mellom dei to bustadområda. Meiner det må vere formålstenleg å kunne planlegge større områder under eitt. Vil støtte planane på Løvoll som dei meiner verkar lovande, særleg utfrå tankane på å få til ein miljøvenleg profil og byggeskikk med lokale forankringar i ein større samanheng. – støttar også fullt ut argumentet om bevaring av Bigset skule og Bigset som levande og levedyktig krins. Dette vil i neste runde også styrkje Hareid som kommune.</i></p>  | <p><b><u>Kommentar:</u></b><br/><b>Vi viser til merknaden i høve planane på Løvoll og til motsegn frå Fylkesmannen vedkomande utviding av Bigset vest. Merknaden vert ikkje imøtekomen.</b></p>  |



|  |   |
|--|---|
| <p><i>Meiner etterspurnaden etter tomter i dette området vil auke dersom kommunane vert slegne saman. Med ei kommunesamanslåing i horisonten vil tomtene i områda framover dalen kunne verte attraktive for folk frå begge sidene av Eidet, og med Hareid kommune sitt ynskje om å vere ei «bu-kommune» vil dette vere i tråd med det. – meiner det ikkje er snakk om å ofre særlege reelle eller realiserbare verdiar for Hareid kommune, men meir å late grunneigarar få auka råderett over eigen eigedom på ein måte som er til storsamfunnet sitt beste.</i></p>   |   |
| <p><b><u>Rune L. Holstad, -epost mottatt 25.04.2012</u></b><br/><i>- Ynskjer ikkje at eigedomen hans(57/3) i nordenden av Snipsøyrvatnet vert omdisponert til turistformål i kommuneplanen</i></p>   | <p><b><u>Kommentar:</u></b><br/><b>Det er ynskjeleg å behalde dette arealføremålet i kommuneplanen. Merknaden vert ikkje imøtekomen</b></p>   |
| <p><b><u>Hareid Utmarkslag 1964 v/styret, 17.04.2012</u></b><br/><i>- viser til innspelbrevet sitt frå 29.09.09 der dei hadde uttale om tre tema. Meiner deira kommentarar til vegtrafikk og støy ikkje er imøtekome. Innspel i høve vassdrag og ferskvassfisk er imøtekome.<br/>- med bakgrunn i kommunesamanslåinga som er på gang, meiner styret i Hareid utmarkslag at utlegging av 100 dekar industriareal i Hareidsmyrane framanfor Myravegen er feildisponering av det beste dyrkingsarealet i Hareid. Ved kommunesamanslåing med Ulstein, blir Holsekerdalen ein del av Hareid og der det svært gode industriareal.<br/>- viser elles til at ved sida av Hareidsmyrane er Hareids-berget kjærneområde for framtidig jordbruksareal i Hareid. Styret er difor usamd i utvidinga av Melshornlia vestover på dyrka jord. Ny riksveg, med kryss og på- og avkøyring er svært arealkrevjande slik det er vist i Nordplan.</i></p> | <p><b><u>Kommentar:</u></b><br/><b>I kommuneplanen er vurdert moglege traséar for framtidig ny FV 61 gjennom Hareidsdalen m.a. med sikte på løysing av dei trafikale problema. Støvvurdering vil bli utført i samband med detaljregulering av vegen når endeleg vegløyning blir valt, og moglege avbøtande tiltak fastsett. Industriområde Hareidsmyrane er tidlegare avklart kommuneplanen og stadfesta reguleringsplan ligg føre. Merknaden vert ikkje imøtekomen.</b></p>  |
| <p><b><u>Vestre Sunnmøre Bondelag , 23.04.2012</u></b><br/><i>- framlegg til framtidig hovudveg gjennom Hareidsdalen må ikkje bandlegge areala for framtidig landbruksdrift, m.a. for nydyrking av areala sør for Grimstadvatnet og golfbanen. –framtidig utbygging av bustader må ikkje vere på dyrka eller dyrkbar jord. Det må nyttast areal i utmark, t.d. ovafor den dyrka marka. . nemner særskilt utviding av feltet i Melshornlia som tek dyrka mark, der det manglar buffersone mot dyrkamarka. Holstadfeltet er døme på at bustader bør vere ovanfor den dyrka marka. Det same gjeld Bigset Vest. Her bør bustadarealet utvidast nordover og ikkje med nytt areal på dyrka mark.<br/>- meiner at areala med spreidd bustadbygging må avgrensast då dei kjem i konflikt med eit aktivt landbruk.<br/>- framlegg til campingplass på Hovden tek og dyrka mark.</i></p>   | <p><b><u>Kommentar:</u></b><br/><b>Det er vanskeleg å unngå at areal vil gå tapt dersom ny veg skal byggjast. I kommuneplanen er vist to alternativ løysingar for framtidig trasé for ny FV 61. Avhengig av kva traséalternativ som blir valt, vil omfanget av areal kunne reknast på.<br/>Når det gjeld merknaden vedkomande omfanget av spreidd bustadbygging presisering i føresegna til LNF-B-områda der det er opna for spreidd bustadbygging, Jf . våre kommentarar til Fylkesmannen sin merknad ovanfor. Når det gjeld framtidig utbyggingsområde for bustader viser vi til at kommunen har òg eit ansvar for å leggje til rette for bustadtomter, og at dei</b></p> |



|  |  |
|--|--|
| <p><i>- dei er kritisk til nye tiltak på den dyrka marka.</i></p>  | <p><b>sentrumsnære områda vil her vere viktige, m.a. med omsyn til avstand til skule, barnehage, arbeidsplassar etc.</b></p>   |
| <p><b><u>RFU, møte den 15.03.2012</u></b><br/><i>-RFU vil presisere verdien av universell utforming av eksisterande bygg og nybygg i Hareid sentrum. – Det må også takast omsyn til utforming av gangfelt og tilkomst til næringsdrivande og offentlege kontor i den nye arealplanen. Vi vil også be om at det blir merka for parkering for handikappa ved alle offentlege kontor og andre næringsdrivande i Hareid sentrum.</i></p> | <p><b><u>Kommentar:</u></b><br/><b>Merknaden vert teken til vitande. Når det gjeld oppmerking av parkeringsplassar vert merknaden sendt til «Område for tekniske tenester» i kommunen til vidare handsaming og oppfølging.</b></p> |